

---

# *KULTURMINNEPLAN BOKN KOMMUNE*

---

**Bokn kommune 04.09 2020**



# Innhold

Forord .....	2
<b>DEL 1</b> .....	3
Samandrag .....	3
Definisjonar og omgrep .....	7
Innleiing .....	9
Utfordringar og moglegheiter i kulturminnearbeidet .....	11
<b>DEL 2</b> .....	16
Kulturhistorisk oversyn .....	16
Kunnskapsgrunnlaget .....	16
Kulturhistorisk oversyn for kommunen .....	18
Verdisetjing og verdivekting .....	52
Planframlegget.....	53
Temakart kulturmiljø .....	61
Handlingsdel .....	62
Tiltaksplan.....	62
Kjelder og litteratur .....	63
Vedlegg .....	64

*(Forslag av 04.09 2020 lagt fram for formannskapet i møte 15.09 2020)*



## Forord

Ein kulturminneplan er eit viktig verktøy for kommunen, både i generelt planarbeid og i utviklingsspørsmål. Planen har stor verdi i formidlinga av kulturarva lokalt på Bokn.

Fysiske og synlege kulturminne har kanskje lett for å stela merksemda vår. Det er difor viktig å presisera at denne planen har lagt stor vekt på dei immaterielle kulturminna også. Dei bygger identitet like mykje, og kanskje meir, enn det dei fysiske kulturminna gjer. Immaterielle kulturminne er kulturminne vi vert kjende med gjennom munnleg historieforteljing mellom menneske.

Å forvalte ei felles kulturarv vert stadig viktigare i eit tid der både fysiske og immaterielle kulturminne står i fare for å verta gløymde og døy ut raskare enn før. Klimaendringar bidrar til at fysiske kulturminne vert utraderte. Historiar døy ut med historieforteljarane.

Det er av avgjerande betydning å sikra kunnskap om kulturminna og å forvalte tilhøyrande areal rett. Eit effektivt og berekraftig vedlikehald vil bidra til at vi kan gle oss over ei felles kulturarv i generasjonar framover. Erfaringar viser at det er lettare å beskytta den lokale kulturarva når det finst ein politisk vedtatt plan med beskrivelse og prioritering av viktige lokale kulturminne. Det bidrar og til ei styrking av lokaldemokratiet når ein kan visa til ein god planprosess bak vurderingane som vert gjort.

Bokn har både naturkvalitetar og ei historie som mange framleis vil lære om og oppleva. Reiselivet profilerer eldre og nyare kulturminne som viktige element i sine opplevelsestilbod. Reiselivet i Bokn står overfor eit uutnytta potensial når det kjem til å leggja til rette for turisme knytt til alt ein har å by på av kulturhistoriske objekt, segn og fortellingar. Hovudmålet med planen er å auka den lokale kompetansen og bevisstgjeringa rundt kulturminne og kva det eigentleg er for noko. Det er også eit mål å sikra at hensynet til kulturminne vert ivaretatt i all kommunal arealforvaltning og behandling av utbyggingssaker. Planen oppsummerer og føreslår eit utval kulturminne basert på viktige historiske trekk i Bokn. Handlingsplanen skal oppdaterast årleg eller seinast annakvart år. Oppdateringa gjev grunnlag for oppfølging med konkrete prosjekt og tiltak for sikring og tilrettelegging av kulturminne.

Vi håpar at kulturminneplanen for Bokn vil inspirera mange til å engasjera seg og bidra til å skapa gode opplevsar og nye verdiar basert på vår lokale kulturarv.

God lesnad!

Bokn, mai 2020

Mvh,

Ordførar

*Osmund Våga*



Foto: Jardar Havikbotn



## DEL 1

### Samandrag

#### **Samandrag generelt**

Hovudprinsippet bak planen er å sikra kommunen ei utvikling på den lokale historia sine premissar, basert på at ein ynskjer fortsatt vekst i Bokn. Veksten og utviklinga skal ivareta, ta hensyn til og bringa vidare dei verdiar og ressursar som den lokale kulturarva representerer for bygda og for innbyggjarane her, både i dag og i framtida. I planen er det difor lagt vekt på å finna balansen mellom bevaring og utvikling, og å føreslå tiltak som sikrar at utviklinga skjer med eit bevisst forhold til dei verdiane og historiane kulturminna representerer. Ein temaplan kan ikkje innehalde bestemmelsar som er juridisk bindande. Planen er ein overordna strategisk plan som seier kva kommunen har av kulturminneverdiar, korleis vi skal bruke kunnskapen i den vidare utviklinga av Bokn og kva det konkret betyr for kommunen si kulturminneforvaltning. Planen er både ein kunnskapsbase og ein tematisk plan, der i hovudsak del 2 av planen med kulturhistorisk oversyn, liste over prioriterte, lokale registreringar samt handlingsdel, presenterer den lokale kulturarv på ein heilskapleg måte. Dette gjev eit oppdatert kunnskaps- og beslutningsgrunnlag for den politiske behandlinga, og formidlar kunnskap til eigarar og andre om verdiane dei ulike kulturminna representerer.

Planen er inndelt på fylgjande måte:

Del 1: Denne delen inneheld eit samandrag av planen, informasjon om oppbygginga av planen og om organiseringa av arbeidet. Vidare finn ein ei omtale av målsettingane og rammene for planen. Utfordringsbiletet og moglegheitsrommet vert skildra.

Del 2: I denne delen vert kulturminne og kulturmiljø sett inn i ulike samanhengar for å belysa verdien deira og korleis dei bidreg til å forma identiteten til Bokn. Kulturminna og kulturmiljøa vert knytt til dei viktigaste historiane som har forma kommunen, kategorisert i forhold til alder, funksjon og type. Gjennom å setta kulturminna inn i ulike samanhengar, peikar planen på kva kulturminne og kulturmiljø som går igjen i viktige lag og historiar. Saman med vurderingar knytt til sårbarheit og endringspotensial er det denne samla «historia» som ligg til grunn for prioriteringane av strategiar, verkemiddel og tiltak. Planen prioriterer dermed ikkje kulturminna utelukkande på bakgrunn av registreringane, men set dei inn i ein større samanheng. Tiltak for å fylgje opp strategiane og verkemidla blir prioritert i ein fireårig handlingsplan.

Heilt sist i kulturminneplanen finn ein produkta frå ein skrive og teiknekonkurranse på Ådnaneset for nokre år sidan. Oppgåva var å teikna og skriva noko om plassen i 2030 og å knyta fortid og framtid saman. Framtida kjem, som kjent, alltid.

#### **Samandrag kulturhistorisk oversyn**

Til alle tider har Bokn lege strategisk til, det reflekterer seg både i namn og kommunevåpen som begge tyder «vegvisar». Dette var ein av dei fyrste stadene folk tok land etter istida og landets nest eldste steinalderbuplass er avdekka her. Difor kom impulsane tidleg hit utanfrå anten det gjaldt førestillingar, teknologi eller gjenstandar. Kristendommen kom tidleg til Bokn og mykje tyder på at den fyrste kyrkja blei reist alt kring 1100.



Busetnaden har variert frå kring 350 i høgmellomalderen ned til 110 på det djupaste etter Svartedauden for frå kring 1600 å stiga til 1062 i 1865. Etter samanbrotet i sildefisket i 1871 sank det til 694 i 1910 for å klatra til 850 i 2020.

Det blir sagt at boknarane fram til 1900-talet alltid sto med ein fot på tilja og ein i åkeren. Også jordbruket kom tidleg til Bokn, for rundt 6000 år sidan. Det utvikla seg parallelt med det me elles finn Rogaland, og gjennom intens gjødsling var åkrane i mellomalder og nyare tid mellom dei frodigaste i landet. Sist på 1900-talet var jordbruket framleis ei bærande næring i større grad enn i nabobygdene. Av fiskeria har sildefisket til alle tider vore viktigast. 160 fjøremannsbuer i Hognalandsbassenget vitnar om eit omfattande sesongfiske heilt tilbake til forhistorisk tid. Deretter fylgde ferdatorsken og hummarfangst. Fram til 1890-åra gjekk hummareksporten frå Nordre Vågaholmen med kanskje landets eldste hummarpark frå 1830-åra. Her er det framleis ei rekke kulturminne som reflekterer dette. Husmannsvesenet var også langt på veg basert på fiske og nådde sin topp midt på 1800-talet då det var mest like mange husmenn som bønder. Etter ein sped start i 1964 vaks sjøbruksnæring fram frå 1980-åra til å bli ei vesentleg næring. Før tusenårsskiftet blei det drive av lokale, sidan av store konsern. Bokn har elles fleire gode, naturlege hamner og nokre tilrettelagde: Føresvik, Alvestadkroken, Knarholmen, Vågavågen, Lauplandsvågen og Drevsund.

Fyrst på 1900-talet vaks det fram alternative arbeidsplassar til jordbruk og fiske. Viktigast var hermetikkfabrikken frå 1910 som i 1970 blei avløyst av Bokn Plast. Elles dreidde det seg mest om enkeltmannsføretak og ei pendling, særleg etter at fastlandssambandet blei etablert. Som øykommune ved leia vaks det tidleg fram ulike navigasjonshjelpemiddel frå vardar i mellomalderen til fyrlykter i nyare tid. Frå 1864 fekk også bygda fast anløp av rutebåtar. Fyrst frå midten av 1800-talet tok køyrevegane så smått til å breia seg i bygda toppa av europaveg og fastlandssamband frå 1991. Av tettstader er det to: Føresvik og Alvestadkroken. Begge har røter tilbake til 1600-talet og basis i samferdsel. Sist på 1900-talet vaks Føresvik til kommunesenter med sentralskulen i 1973 og Boknatun med kommuneadministrasjon, bank, post og sjukestova i 1987. Ein profesjonell kommuneadministrasjon vaks fram frå sist på 1960-talet etter innføringa av bygningslova av 1965. Politisk har Senterpartiet dominert, men periodevis med Arbeidarparti- og Høgreordførarar.

Trenden den siste mannsalderen har vore auka sentralisering. Såleis har bygda mellom anna mista likningssjef, post, bank, tannlegekontor, dei fire butikkane er blitt til ein filial under Coop Sørvest, bygdemuseet blir styrt av Haugalandsmuseet medan sjøbruksnæringa blir styrt frå Bergen. Jamvel kommunen sjølv har styresmaktene frå tid til annan ynskt å fusjonera.

Samanfatta har all denne aktiviteten gjennom mange tusen år sett sine materielle og immaterielle avtrykk, det me kallar kulturminne. Av respekt for tidlegare generasjonar og av omsyn til dei som kjem etter, er det viktig å ha eit reflektert forhold til arva for på ein god måte å levera henne vidare til dei som kjem etter.



## Samandrag planframlegg (prioriterte\* kulturminne denne planperioden)

Med utgangspunkt i dei verdsettingskriteria som går fram av Riksantikvaren si rettleiing, er fylgjande faste kulturminne vurdert som viktige med omsyn til å fortelje Bokn si kultursoge:

- Gamal hummarpark med murar etter oppsynsbu, Nordre Vågaholmen
- Stem for fiskarflåten Drevsund
- Kanalen i Sunnlandsstraumen
- Festninga på Loden, husmurar, bunkersar, løpegraver m.m
- Bygningen/anlegget i Kro (Jakob Larsen + Sjøhuset (Olav og Kari). Gullhaug:Forretning/landhandel
- Gammalt kvernhus inst i Lauplandsvågen + Gammal kjøhalingsrampe, Lauplandsvågen +Nausttuft
- Overfallhjul på Ognøy
- Murar etter husmannsplass/handlesstad i Ognahabn
- Maritimt miljø Alvestadkroken – tilbake til 1600-talet
- Jordkjellar Sæbø
- Våningshus Våga
- Ungdomshuset på Håland
- Restar etter signalstasjon/vedevaktbu på Boknafjellet
- Murane etter bygningar som blei brende p.g.a redsel for tuberkulose, Gunnarstad
- Bokn kyrkje, slottsarkitekt Linstow – kyrkjegard heilt sidan middelalderen
- Røykstova på Laupland
- Kårstova på Laupland
- Eldhuset i Føresvik
- Gravrøysa på austsida av Boknasundet
- Gravrøysa på vestsida av Boknasundet
- Folkevandringsanlegget ved Stidleik
- Strandtuftene i Hognalandsbassenget

\*Kva ligg konkret i betydninga «prioriterte»:

Denne planperioden har ein prioritert 18 kulturminne som vist til i lista ovanfor. Det betyr kort og godt at ein intensiverer arbeidet for/med å vidareformidla historia knytt til desse 18 kulturminna – sjølvst i samarbeid og overeinskomst med berørte grunneigarar og andre aktuelle, berørte partar.



## Samandrag handlingsplan og tiltaksdel

Handlingsdelen er meint å vera eit realistisk styringsdokument som skal styrkja kulturminnearbeidet i planperioden.

Tiltaksplanen i kulturminneplanen for Bokn kommune, inneheld difor få, men viktige tiltak som det er mogeleg å gjennomføre.

Tiltaksplanen bør evaluerast og reviderast årleg eller minst annakvart år. På denne måten sikrar ein kopling inn mot økonomiplanen og rammer for reell gjennomføring av ynskte tiltak (bevaring av kulturminne – både fysiske og immaterielle).

Tiltak nr.	Type tiltak	Tidsplan	Økonomi (i 1000)	Ansvar
1	Utarbeide brosjyre om dei prioriterte objekta sin verneverdi, råd om vedlikehald, tilskotsordningar m.m.	2.kvartal 2021	5`	Kulturavd.
2	Etablere byggeskikkpris	4.kvartal 2020	5`	Kulturavd.
3	Etablere ordning med plakett med opplysningar om det einskilde prioriterte objekt	2.kvartal 2021	20`/år inntil komplett	Kulturavd.
4	Lage kortversjon av kulturminneplanen for utsending til alle husstandar i kommunen	4.kvartal 2020	0	Kulturavd./Planavd.
5	Utarbeide byggeskikkrettleiar for Bokn	2.kvartal 2021	?	Planavd./Kulturavd.
6	Vurdere omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel, som tek vare på kulturminne av nasjonal, regional og lokal verdi	2023	0	Planavd.
7	Vurdere tilskotsordning til prioriterte kulturminne i kommunen	4.kvartal 2020	10`/ år inntil komplett	Kulturavd.
8	Komplettere SEFRAK-registeret med kulturminne etter 1900	2. kvartal 2021	10`	Kulturavd.
9	Utarbeide hefte/bok med dei mest betydningsfulle segna og historiane frå Bokn	2022	10`	Kulturavd.
10	Utarbeide hefte om gamle dialektord og uttrykk frå Bokn	2022	10`	Kulturavd.
11	Etablere tverrsektorielt samarbeid, med særleg vekt på samarbeid med skule/barnehage, for ivaretaking av kulturarv	4. kvartal 2020	10`	Kulturavd./Planavd.



## Definisjonar og omgrep

### ***Automatisk freda kulturminne***

Alle faste kulturminne frå før 1537 (reformasjonen i Danmark-Norge), samt alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650, er freda direkte etter kulturminnelova. Samiske kulturminne som er frå 1917 eller eldre er også automatisk freda etter kulturminnelova. Automatisk freda kulturminne – bygningar, buplassar, veifar, bautastader, gravhaugar, m.m. – har etter lova ei sikringszone på 5 meter rundt det freda objektet, dersom ikkje anna sikringszone er vedteke.

### ***Freda kulturminne***

Kulturminne og kulturmiljø som er freda, eller som er føreslege freda, har høg nasjonal verneverdi. Kulturminne frå nyare tid kan sikrast med vedtaksfreding etter kulturminnelova. Fredingsvedtaket fastset kva som er tillate/ikkje tillate å gjere med kulturminnet, og kva ein eventuelt kan få dispensasjon for å gjere.

### ***Freda kulturmiljø***

Forskriftfreding etter Kulturminnelova §20. Fredinga gjeld spesielle område for å ta vare på området si kulturhistoriske verdi. Fredinga ligg eit nivå over vanlig vedtaksfreding og representerer det strengaste vernet i kulturminnelova.

**Sogndalstrand** eller **Sogndalsstranda** er en tettbebyggelse i Sokndal kommune i Rogaland. Sogndalstrand vert omtala som et «kyst-tettstad av nasjonal verdi» og er freda for å verne tettstaden mot utbyggingspress. Kulturmiljøet som er freda omfattar trehusbebyggelsen frå 1700- og 1800-talet med omkringliggende kulturlandskap. Mellombels freding vart gjort i 1994, medan endeleg freding vart vedteke i Statsråd 24. juni 2005.

### ***Omsynssone for bygg, kulturminne med meir som skal takast vare på (erstattar spesialområde bevaring i gamal plan- og bygningslov frå 1985)***

Kulturminne, anlegg og kulturmiljø som er sikra eller skal sikrast vern ved regulering etter plan- og bygningslova (§11-8 bokstav c og §12-6). Kommunen har mynde til å vedta denne type regulering.

### ***Kulturlandskap***

Landskap påverka av menneske sitt virke gjennom landbruk, bebyggelse og tekniske anlegg.

### ***Vern***

Vern skjer ved å ta i bruk bestemmelsar om omsynssone og eventuelt andre bestemmelsar i plan- og bygningslova. Kommunen gjer vedtak om vern etter denne lova.





### ***Museumsvern/musealt vern***

Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova.

### ***Verneverdige kulturminne***

De fleste verneverdige kulturminna har ikkje formelt vern, men vert teke vare på då dei vert definert som verdfulle ut frå historiske omsyn. Betegnelsane verneverdig og bevaringsverdig betyr det same og vert nytta om kvarandre. Verneverdige bygningar og andre kulturminne kan få eit formelt vern. Det vert gjort ved regulering til vern etter plan- og bygningsloven. Då er det verneverdige kulturminnet blitt eit verna kulturminne. Dei aller fleste verneverdige bygningar har ikkje noko formelt vern.



*Foto: Hans Faye*



## Innleiing

### Mål for planen

Føremålet med kulturminneplanen er å setje kulturminna på dagsorden gjennom å kartlegge og synleggjere kulturminne og kulturmiljø i kommunen.

Planen skal fremje kunnskap om kulturminna og den verdien dei har som ein del av kulturarva og identiteten vår.

Det vert teke sikte på at planen skal verta et verktøy som kan gjere sakshandsaminga i plan- og byggesaker meir forutsigbar og effektiv.

### Rammer for planen

Definisjonen på kva kulturminne er, går fram av §2 i Kulturminnelova, der det heiter:

*«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*

*Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.*

*Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.*

*Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminne og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.»*

I ein artikkel frå Klima- og miljødepartementet heiter det:

*«Eit kulturminne er spora etter menneska som har levd før oss, deira liv og virke.*

*Omgrepet kulturarv blir ofte nytta for både immaterielle og materielle kulturminne. Her tar vi for oss den fysiske kulturarven. Eit kulturmiljø er eit område der fleire kulturminne inngår i ein større samanheng, som eit område i ein by, ein setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar, infrastruktur og bustader.*

*Også naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø»*

Kulturminneplanen for Bokn omhandlar både faste og immaterielle kulturminne.

Det er av høg verdi å også fokusere på dei immaterielle kulturminna då ein i større grad står i fare for å mista desse av syne over tid. Fysiske, faste kulturminne som vert halde i hevd og drifta på ein berekraftig måte er betre sikra. Når det kjem til dei immaterielle kulturminna så erfarer ein at det som ikkje er skrive ned og heller ikkje gjort kjent for nye slekter, diverre forsvinn for godt.



## **Plantype, avgrensing av planen**

Av Riksantikvaren sitt rettleiingsnotat, går det fram at Kulturminneplanen må vera ein del av kommunen sin planstrategi, og at desse tre plantypene er eigna for kommunen:

- Tema i kommuneplanen

Kommunen sin kulturminnepolitikk kan leggjast inn i kommuneplanen sin samfunnsdel med mål og strategiar

- Kommunedelplan for kulturminne

Kulturminne og kulturmiljø kan vera tema for ein eigen kommunedelplan som er laga etter reglane i plan- og bygningslova

- Temaplan

Ein kulturminneplan kan også vedtakast som ein temaplan utan å fylgje alle sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova, t.d. kravet til planprogram. Medverknad og politisk forankring av arbeidet er likevel viktig.

Bokn kommune sin Kulturminneplan vert laga som ein temaplan.

## **Samanheng med kommuneplanen, anna lovverk og eksisterande planar**

Samfunnsdelen i den gjeldande kommuneplanen vart godkjent av kommunestyret 01.10.2019 som sak 039/19.

Kommunestyret vedtok 04. februar 2020 kommunal planstrategi 2019-2023 som sak 004/20.

Planstrategien legg opp til at deler av kommuneplanen sin arealdel skal reviderast i planperioden.

I eit visst mon vil det vera naturleg å samkøyre arbeidet med Kulturminneplanen med rulleringa av arealdelen i kommuneplanen.

## **Organisering og medverknad i prosessen**

Arbeidet vart organisert som eit prosjekt under leiing av kultursjef Jardar Havikbotn.

Prosjektgruppa bestod elles av:

Jan Erik Nygaard – rådmann

Anne Elisabet Askeland – samfunns- og utviklingssjef

Birger Lindanger – historikar/konsulent

Bjørn Løvland – konsulent

Planen er utarbeidd og formidla språkleg av fleire personar. Arbeidsgruppa har, for å gjera planen til ein plan som representerer dynamikk og historieoverføring, tatt eit bevisst val om å behalda dei ulike språkformene kunnskapen er formidla gjennom. Ajourføring og digitalisering av SEFRAK-registeret vart utført av Birger Lindanger og tidlegare teknisk sjef Hans Faye. Formannskapet var styringsgruppe. Medverknad frå publikum er tenkt gjennom orientering på kommunen si heimeside om at arbeidet er i gong, og med oppmoding om innspel. Utkastet til plan vert avertert og lagt ut på kommunen si heimeside, og sendt ei rekkje instansar til uttale. Det endelege planframlegget vert lagt fram for kommunestyret i Bokn til godkjenning.



## Utfordringar og moglegheiter i kulturminnearbeidet

### Kvifor ta vare på kulturminne?

Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med å fortelje oss historia vår, og gje oss kunnskap om korleis menneska før oss har levd og verka, og korleis dei tilpassa seg naturen.

Kulturminna er verdier som skal forvaltast på vegne av framtidige generasjonar, og gjennom registreringane og vurderingane som er gjort i arbeidet med Kulturminneplanen, skulle det vera eit godt grunnlag for å sikre at også etterkomarane våre får tilgang til den kunnskapsbasen til den felles fortida vår, som kulturminna representerer.

### Overordna føringar, lovverk

Det er i hovudsak to lover som vert nytta for å ta vare på verdifulle kulturminne:

*LOV-1978-06-09-50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)*

*LOV-2008-06-27-71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)*

I tillegg gjev fylgjande meldingar og planar føringar på fleire nivå:

#### Nasjonalt nivå:

Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner.

Her heiter det mellom anna:

«I St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner presenterer regjeringen en handlingsplan for kulturminnepolitikken fram mot 2020. Målet med tiltakene i handlingsplanen er å stoppe forfallet og tapet av verdifulle kulturminner. Politikken skal bidra til at kulturminner og kulturmiljøer kan gi også kommande generasjonar kunnskap og opplevingar. Regjeringen vil at kulturminnene skal bevares som verdifulle ressurser og vere med på å skape verdier i levande lokalsamfunn. Meldingen er utarbeidet med bakgrunn i kulturminneutvalgets utredning, NOU 2002: 1 Fortid former framtid – Utfordringar i en ny kulturminnepolitikk og høringen av denne .»

Stortingsmelding nr. 35 (2012–2013) Framtid med fotfeste— Kulturminnepolitikken.

Her heiter det mellom anna:

«Kultur og natur blir i dag oppfattet som verdier man må forstå, forvalte og formidle i sammenheng. Kulturminner og kulturmiljøer representerer viktige ressurser både for kunnskap, oppleving og bruk. De er viktige fellesgoder både for samtiden og for framtiden. Disse perspektivene gjennomsyrrer verdigrunnlaget og politikken i St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner som Stortinget behandlet i 2005 og blir også lagt



til grunn i denne nye meldingen om kulturminnepolitikken. Ambisjonene fra den forrige meldingen blir opprettholdt og videreført.

*For å nå 2020-målene, som et samlet Stortinget sluttet seg til, og for å møte nye utfordringer fram mot 2030, må tiltakene som er satt i gang, målrettes bedre og nye tiltak må settes i gang.*

*Meldingen er også svar på Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon av Miljøverndepartementets oppfølging av St.meld. nr. 16 (2004–2005) Leve med kulturminner; Dok 3:9 (2008–2009) Riksrevisjonens undersøkning av korleis Miljøverndepartementet ivaretek det nasjonale ansvaret sitt for freda og verneverdige bygningar. Riksrevisjonen konkluderer med at sentrale forutsetninger for at man kan nå målene, ikke er på plass og at det dermed er en vesentlig risiko for at målene ikke blir nådd innen fristen i 2020.*

*Tiltakene i stortingsmeldingen med budsjettmessige konsekvenser vil bli presentert i departementenes budsjettproposisjoner. Den årlige budsjettmessige oppfølgingen av tiltak i årene framover vil være avhengig av den økonomiske utviklingen og budsjettsituasjonen. Regjeringen vil komme tilbake til hvordan den vil følge opp enkelttiltakene i de årlige budsjettene.»*

### **Regionalt nivå**

På regionalt nivå finn vi regional kulturplan for Rogaland 2015-2025 med fylgjande hovudmål knytt til kulturarv:

«Hovedmål:

- Rogaland fylkeskommune skal bidra til å forvalte vår felles kulturarv på en bærekraftig måte i samsvar med nasjonale og regionale føringer.
- Kulturarven skal bidra til å skape bo- og kulturmiljøer som bidrar til livskvalitet og oppleves som attraktive.
- Kompetansebehovet for å kunne være en aktiv utviklingsaktør innen kulturminnevern skal ivaretas.»

Rogaland Fylkeskommune peikar på kor viktig det er å setje vern av kulturminne, både fysiske og immaterielle, på dagorden:

«Kulturminner- og miljø er ikkefornybare ressurser. Det betyr at de valg vi tar i dag, som oftest er endelige.»

<https://www.rogfk.no/f/p1/ibce64c04-4eb0-4935-964d-b237a121da69/regional-kulturplan-for-rogaland-2015-2025.pdf>


Haugalandsmuseet bidreg også sterkt i arbeidet med å sikre ei forutsigbar framtid for kulturminna på Haugalandet. Det finst fleire informative og nyttige dokument som alle bidreg til å sikre kunnskap om verdien av å ta vare på kulturarva vår.



## Lokalt nivå

På lokalt nivå er det naturleg og naudsynt å trekkja fram gjeldande kommuneplan (arealdel): Kommuneplan for Bokn 2012 – 2024.

I oktober 2019 vart samfunnsdel til kommuneplan 2019-2031 vedtatt og under satsingsområde 4 : *Auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private* finn vi at utarbeiding av denne kulturminneplanen er eit av dei konkrete tiltaka nemnd i handlingsprogrammet til samfunnsdelen. Bakgrunnen for dette er vidare at for å gjera kommunen i stand til å prioritere for styrka lokalt næringsliv og for auka verdiskaping så må ein ta i bruk tilgjengelege verkemiddel som til dømes å utarbeide, saman med næringa, ein plan for turisme som næring: «Meet the locals». I begrepsbruken «Meets the locals» ligg kulturarva som den overordna føringa på å knytte fortid og framtid saman. Denne kulturminneplanen vil difor vera av avgjerande betydning i satsinga på turisme/reiseliv i åra som kjem.



Illustrasjon: Havnivå 5000 f. Kr. Teikning: Jørg Eirik Waula



## Utfordringar framover

Alle kulturminna er eineståande og uerstattelige, og det er ei utfordring å sikre desse for framtida mot dei truslar dei vert utsette for.

Så og sei alle dei faste kulturminna på Bokn er bygningar og anlegg på eigedomar som er i privat eige, og i motsetnad til dei automatisk freda kulturminna, er få av dei nyare kulturminna sikra juridisk vern gjennom t.d. reguleringsplan.

For at desse kulturminna skal sikrast for ettertida, er det ein føresetnad at eigarane vert motivert, og tilført naudsynt kunnskap både om kulturverdien av det det eig, og korleis desse skal vedlikehaldas og nyttast slik at dei vert tatt vare på for ettertida.

I tillegg er det ein føresetnad at også sakshandsamarar har den naudsynte kunnskap og verktøy når det til dømes skal lagast regulerings- og utbyggingsplanar, og byggesøknader skal handsamast.

Kunnskap i alle ledd er ein føresetnad for at det skal skapast ålmenn forståing for verdien av kulturminna, og såleis sikre at desse vert tatt vare på for framtidige generasjonar.

Dette gjeld ikkje minst når det gjeld vedlikehald av bygningar med kulturhistorisk verdi, der er fleire døme på at velmeint vedlikehald kan ta frå bygningane mykje av verdien dersom det vert utført på feil måte.

Dette gjeld t.d. når vindauge vert skifta ut med typar og format som ikkje passar til huset, eller at det meste av dei gamle materialane, inkl. listverk og panel, vert skifta ut slik at bygget til slutt står fram som ein kopi av det opphavlege.

I tillegg er kulturminna utsett for nedbryting over tid, grunna vær og vind.

Ekstremvær, flaum og ras kan føre til øydeleggingar, og dei forventa klimaendringane vil føre til at denne trusselen truleg vert større i framtida.

Sjølv oppryddinga etter ekstremvær, kan også være ei belastning for kulturminne, dersom det ikkje vert teke naudsynt omsyn til rutinar og reglar for korleis ein skal gå fram ved slike endringsarbeid.

Eit våtare og varmare klima vil truleg føre til større råteskader på treverk, og klimaendringane kan føre til at område som tidlegare har vore i trygg avstand frå strandlina i Bokn, vert liggande i faresona for stormflo.

Når det gjeld å ta vare på kulturhistoriske bygningar, er det ein føresetnad at desse har ein bruksverdi for eigaren.

Bygningar som ikkje vert nytta forfell, og sviktande næringsgrunnlag og mangel på arbeidsplassar kan føre til fråflytting i utkantstrok.

Dette er moment som mellom anna må vurderast når utbyggingsmønsteret i Bokn skal vurderast ved revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

Levande bygder er ein føresetnad også for at viktige kulturminne skal takast vare på for framtida.

Å legge til rette for at lokale segn og fortellingar ikkje døyr ut vil krevje betydeleg innsats i ei tid der filmatiserte, slåande historiar, skrivne på eit vilkårleg ungdomsrom, vert formidla via verdsveven raskare enn ein klarar å ta inn over seg. Heller enn å sjå på den digitale framgangen som ein konkurrent vil det vera nødvendig å sjå formidling av kulturarva i lys av nettopp dette og å gripa moglegheitene teknologiske framsteg gjev



oss. Når det gjeld sjølve kulturlandskapet, utgjer mellom anna utbygging av vegnettet store inngrep, og mekaniseringa av jordbruket og omlegging av drifta til einseitig satsing på dyrking eller fedrift, kan også føre til drastiske endringar.

### **Aktørar og verkemiddel**

I Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken, heiter det mellom anna:

*«Vår oppfatning av verdien som ligger i kulturminnene, og vår tolkning av dem, endrer seg over tid. Kulturminneforvaltningens fokus har endret seg betraktelig i de siste 170 årene, både faglig og politisk. I begynnelsen var kulturminnevernet først og fremst et frivillig ansvar, noe som blant annet kom til uttrykk ved at Fortidsminneforeningen ble etablert i 1844. Interessen for de faste kulturminnene kom i stor grad som en følge av de store samfunnsendringene på 1800-tallet. Det ble da særlig lagt vekt på kulturminnenes alder. De kulturminnene det var viktigst å sikre for ettertiden var stavkirkene og arkeologiske enkeltobjekt fra forhistorisk tid og fra middelalderen. Sammen med Fortidsminneforeningen var de altomfattende kultur- og naturhistoriske samlingene ved museene i Trondheim, Bergen, Christiania, Stavanger og Tromsø viktige i dette arbeidet. Mye av arbeidet var også nært forbundet med nasjonsbyggingen og skulle bidra til å skape en bevissthet om en felles, samlende, norsk fortid og historie. Samenes og minoritetenes historie og kultur sto utenfor denne nasjonale historien. De ble fortiet og fikk ingen faglig oppmerksomhet før etter krigen og den samiske kulturreisingen fra 1970-tallet.*

*Gradvis har kulturminnevernet blitt et politisk område. Fram til Riksantikvaren ble opprettet i 1912, lå ansvaret for bygningsarven hos Fortidsminneforeningen. Da ble det overført til det nyopprettede embetet under Kirkedepartementet. Det politiske ansvaret ble forsterket gjennom at embetet ble overført til Miljøverndepartementet i 1972. Kulturminnevernet ble en del av miljøpolitikken, noe som ytterligere ble forsterket i 1988 da Riksantikvaren ble omdannet til et direktorat, og i 1990 da det regionale ansvaret ble overført til det politiske, regionale nivået i fylkeskommunen.»*

Det er fyrst og fremst gjennom plan- og bygningslova at kommunane kan sikre vern av kulturminne, særleg gjennom arealplanlegginga med også ved handsaming av einskildsaker.

Den einkilde eigar si interesse av å ta vare på nyare kulturminne vil vera avgjerande for om kulturminna som ikkje er automatisk freda, eller freda gjennom einskildvedtak, vil verta sikra for ettertida.

Økonomiske tilskotsordningar kan og vera motiverande element i arbeidet med å ta vare på både bygningar og kulturmiljø.

Også frivillige organisasjonar, slik som bygdemuseum, historielag og kystlag, kan vera aktive i arbeidet med å ta vare på bygningar og gjenstandar.





## DEL 2

### Kulturhistorisk oversyn

#### Kunnskapsgrunnlaget

Riksantikvaren har i sin rettleiar for utarbeiding av kulturminneplanar, gjeve oversyn over aktuelle kjelder knytt til arbeidet med å registrere kulturminne i kommunane.

Kulturminnelova er lovverket som angir kva kulturminne som er automatisk freda. Disse kulturminna vert ivareteke på nasjonalt nivå av Riksantikvaren som arbeider med registrering og overvaking av kulturminne på nasjonalt nivå og som registrerer disse i eit eige digitalt register, Askeladden.

Alle kulturminne som er eldre enn 1537 er freda, likeins alle ståande byggverk eldre enn 1649. Alle kulturminne under vatn eldre enn 100 år og alle samiske kulturminne eldre enn 100 år er også freda. I tillegg kan Riksantikvaren frede eit kulturminne gjennom eit einskildvedtak. (Lov om kulturminner 1979)

Bokn kommune har ei rekkje kulturminne som er automatisk freda.

SEFRAK - registeret er eit landsdekkande register for registrering av eldre bygningar og andre kulturminne (Riksantikvaren). Registreringa vart hovudsakleg gjennomført i perioden 1975 – 1995.

SEFRAK-registeret vart oppdatert og digitalisert ved ny synfaring i 2019, og er i tillegg til Askeladden på mange måtar fundamentet for utarbeiding av kulturminneplanen.

I SEFRAK-registeret er bygningar lagt i fylgjande klassar:

Klasse A: Verneverdige bygningar med et fredningspotensiale

Klasse B: Verneverdige bygningar som er aktuelle for regulering til omsynssone bevaring

Klasse C: Bygningar som bør underleggjast plan - og bygningslova sin generelle bestemmelse

Det føreligg ingen restriksjonar for dei registrerte bygningane, men SEFRAK -registeret skal fungere som eit varsko til kommunen for å gjere ei vurdering av bygget sin verneverdi før eventuelle tiltak vert godkjent og utført (Riksantikvaren) . Bygningar og andre kulturminne som vert registrert inn i SEFRAK - registeret vert vurdert til ein A, B eller C kategori ut i frå ulike vurderingskriterier. Å registrere eit bygg i SEFRAK gir ikkje bygget eit vern, men det indikerer at bygget har ein verneverdi og kor sterk denne verdisettinga er, vert avgjort ut i frå om bygget er merka med A, B eller C kategorisering der A gir sterkaste verneverdi.

Utover dei kulturminna som er registrert i registra ovanfor, er eit sjøhusmiljø verna i reguleringsplan for Alvestadkroken (Planid. 199701).I tillegg har lokalhistorisk litteratur og bygdebøkene for Bokn kommune samt lokalhistorisk kunnskap hjå dei som føretok oppdatering av SEFRAK-registeret vore sentrale kjelder i arbeidet med kulturminneplanen.



Også fylgjande kjelder har vore nytta i arbeidet med planen:

- kulturminnesøk
- tidlegare registreringar i kommunen
- lokalhistorisk litteratur som bygdebøker og årbøker frå historielag og lokale museum
- de arkeologiske musea sine oversikter over oldsaker (innleverte gjenstandar eldre enn 1537)
- digitalt museum
- stadanalysar og landskapsanalysar
- gamle kart og flyfoto
- Riksantikvarens sitt arkiv med oversikt over og teikningar av gamle bygningar
- historiske gardskart, jordskifteprotokollar, matrikelopplysningar, Riksarkivet og Statsarkiva
- historiske kart, Statens kartverk
- arkiv i kommunen
- fylkesarkivet
- arkiv i fylkeskommunen
- bibliotek



Foto: Hans Faye



## \* Vegvisaren

Når ein kjem inn frå Nordsjøen mot Boknafjorden, er Boknafjellet det fyrste ein får auge på. Med sine 293 meter er dette det høgaste punktet langs kysten mellom Synesvarden i sør og Siggjo i nord. Med sin karakteristiske profil er fjellet synleg ikkje berre langt til havs, men også over store delar av Rogaland. På 1600-talet kalla nederlandske sjøfolk fjellet for «Buck van See» og teikna det inn på sjøkartane sine, det var dette fjellet dei navigerte etter når dei fyrst hadde segla langt ut frå Jæren og trong å treffa staden der leia starta i Boknfjorden.

Det dreidde seg om å finna vegen inn mot farleia – sjøve rygggrada til landet - nordover Norskekysten. I tider då land skilde og hav batt, måtte namnet på landet bli «Norwegen», nå Noreg, oppkalla etter det som frå gammalt var nasjonens europaveg 1 og riksveg 1. Også i dag går det europaveg gjennom kommunen med Arsvågen som kontaktpunkt mellom sjø og land.

Ein gong for kanskje 4000 år sidan fekk øyane namn, og det måtte bli «Bokn». Det er eit eldgammalt indoeuropeisk namn som tyder «seglingsmerke» gitt av farande folk.

Namnet finn me att i «båke» som òg tyder seglingsmerke eller vegvisar. Kanskje var det Boknafjellet den fyrste nordmannen navigerte etter då han søkte inn mot kysten vår?



Foto: Birger Lindanger

### Frå varde til fjernsynssendar

I fleire tusen år har farande folk langs kysten etter eit system av vardar. Ein av dei viktigaste blei sjølvsgatt reist på det strategiske Boknafjellet. Og ein annan viktig varde ga Varafjellet namn. Det var difor naturleg at det frå mellomalderen og 1700-talet også var brannvede med bemanna vaktbu på fjelltoppen. Under Napoleonskrigane blei han erstatta med ein ganske avansert, optisk og bemanna signalstasjon. Med den kunne dei senda relativt detaljerte meldingar ganske raskt langs heile kysten.

Jamvel i nyare tid har Boknafjellet vore kommunikasjonsmessig viktig. Såleis blei fylkets fyrste fjernsynssendar reist her i 1961 attåt diverse anna sendarutstyr som kom til sidan. Med veg heilt til topps er det òg lagt til rettes utsiktspunkt med utsyn heilt til Folgefonna i nordaust.

Når Bokn kommune valde varden (seks sølvmyntar på blå bakgrunn) som kommunevåpen, er det i tråd med at dette er heilt sentralt og eigenarta i kommunens historie. (Jfr. Kultursoga, bd. 1, s.13 - 14)

Kulturminne: *Steinvarдар på Boknafjellet og Vardafjellet. Restar etter vaktbu*



## \*Førhistorisk tid

### Landheving

Bokn smelta fram or isen for kring 14000 år sidan. Då var store delar av Nordsjøen tørt land, berre Norskerenna skilde frå Rogalandskysten. På det kaldaste sist istid var den årlege gjennomsnittstemperaturen kring 10 grader lågare enn i dag. Så mykje vatn i verda var bunde i is at havnivået var kring 120 meter lågare enn i dag sjølv om isen samstundes pressa landet ned.

Etter som isen smelta, steig havet att. Då isen slapp taket på Bokn, låg øyane 32 ½ meter djupare i sjøen enn i dag. Det innebar at dei største ferskvatna i kommunen var knytt til sjøen. Men etter at isen forsvann, tok landet til å lyfta seg med varierende fart. Sidan bronsealderen steig Bokn med kring ein meter kvart tusen år. Då Erling Skjalgsson fall ved Are, sto sjøen godt og vel ein meter høgare enn i dag. Sidan steinalderbuplassane låg i strandkanten, fortel avstanden til sjøen om alder.

### Klimatiske endringar

Klimaet har også til alle tider variert. For 4000 år sidan, ved overgangen mellom yngre steinalder og bronsealder låg den årlege gjennomsnittstemperaturen 2,3 grader høgare i dag. Det innebar varmekjær lauvskog over heile øyane. Kring 500 f.Kr. kjølna det ned med overgang til lynglandskapet me kjenner frå nyare tid. Sidan fekk me varmare somrar i høgmellomalderen fylgd av nedkjøling som kulminerte med den vesle istida på 16- og 1700-talet. *(Om klima og landheving, bd. I, s. 29-30)*

### Eldre steinalder

Då isen forsvann, fylgde folket etter. At landets nest eldste buplass ligg nett på Ognøy, er ikkje tilfeldig. Han er kring 120 kvadratmeter, ligg 25 meter over sjøen og er kring 10400 år gammal. Men dei fyrste menneska kom nok hit tidlegare. Det manglar berre å finna far etter dei.

Vidare er det fornminne frå alle tidsaldrar i Bokn. Berre på Ognøy er det avdekka tolv buplassar som spenner over ein periode på over 6000 år i steinalderen. Også på Laupland og Vågshaug er det registrert steinalderbuplassar. I heile Bokn reknar ein med det kan ha vore innpå hundre steinalderbuplassar. Buplassane er av tri nivå: 1. rasteplassar for ei natt eller to, 2. litt større og faste plassar flokken kunne stoppa nokre veker og 3. Sesongbuplassar. Lausfunn frå perioden er elles gjort over heile kommunen. *(Bd.I, s.27-37)*

*Steinalderbuplassar.*

### Yngre steinalder

Eit viktig tidsskilje fann stad for kring 6000 år sidan då jordbruket nådde Bokn. Det starta med husdyrhald, fyrst sau og ku medan flintsigdar vitnar om at dei starta med kornbruk – såkalla svedjebruk - for kring 5000 år sidan. Men framleis i tusen år levde dei som nomadar og hadde buplassane sine langs strendene. Det er gjort ei rekkje funn av jordbruksreiskap frå denne perioden, særleg langs Boknasundet. Av buplassar er det berre gjort fem: Tri på Ogn, ein i Nora Våga og på Laupland. *(Bd. I, s. 42-44)*



### **Bronsealder (1800 – 500 f.Kr)**

For kring 3800 år sidan tok boknarane til å bli bufaste, noko som innevarsla bronsealderen. Det var også frå denne tida ein tok til å reisa gravhaugar. Opphavleg reknar ein med det kan ha vore kring 200 gravhaugar i Bokn, men i dag er det berre 124 att. Med seks faste fornminne per kvadratkilometer har Bokn størst konsentrasjon i landet. Her er fleire store bronsealderrøyser i Bokn, særleg langs Boknasundet. Det er gjort nokre få lausfunn, eit par hustuffer på Ogn og Laupland og tri hellerar frå perioden. *(Jfr. Bd. I, s. 46-50)*

### **Jernalder (500 f.Kr. – 1000 e.Kr)**

Klimaforverringa tvinga fram ei ny form for jordbruk og gravhaugane blei mindre enn før. I 1838 blei det registrert 73 faste fornminne ved Boknasundet, i dag er det 24 att. Her var langhaugar, rundhaugar, elliptiske haugar og ulike andre steinsetjingar. Elles i Bokn finst ei mengd gravhaugar frå perioden. Vidare finst det nokre bautasteinar: Ved innseglinga til Vågavågen, i skiftet mellom Nora og Søra Våga og på Vestre Bokn nær det smalaste Boknasundet. Nausttuffer frå folkevandringstid er òg å finna mellom anna på Krossneset nord på Auste Bokn og inst i Lauplandsvågen. *(Jfr. s. 54-57)*



Tolv gravhaugar låg òg ved Alvestadøygarden, i hovudsak frå folkevandringstid. Generelt er det registrert sju komplette gardsanlegg frå denne perioden mellom anna både ved Orrhammaren på Austre Bokn, Longhammar på Boknaberg, ved Boknabergsvatnet på Alvestad der det låg eit bygg på 300 kvadratmeter og eit par stader i marka til Vatnaland. I alt trur me det kan ha vore rundt 45 folkevandringsgardar i kommunen.

*Foto: Arkeologisk institutt, Universitetet i Stavanger*

### **Fjøremannsbuene**

Noko av det mest særreigne i Bokn, er likevel dei såkalla fjøremannsbuene. Til saman er det registrert 160 slike frå Are vestover via Hognaland, Sunnaland, Jøsen og Loden. Opphavleg blei dei lagde rett ovanfor flomålet, men ligg nå så høgt over sjøen at i det minste ein del av dei må vera frå folkevandringstid. Dessutan ligg her gravrøyser som vitnar om bruk i førkristen tid. Knytt til desse tuftene er òg båtopptrekk, støer og brygger. Slik tuftene ligg, ser det ut til at dei var i bruk samstundes. *(Bd. S. 73- 76.)*

Dette folkevandringssamfunnet braut saman kring 550 e.Kr., truleg i samband med at ein pestpandemi nådde Noreg. I samband med denne avfolkinga blei dei to gardane i utmarka til Vatnaland, dei to på Økland og den inst i Grønnestadvågen lagde øyde – og truleg dei fleste andre òg. Desse pestepidemiene ser ut til å sloppe taket kring 700 e.Kr. noko som førte til ny vokster og til aktiv deltaking i utferdene under vikingtida noko t.d. gullspenna frå Austre Bokn c. 950 e.Kr. og sylvskatten frå Sunnlandsstraumen (ca. 1030 e.Kr.) er prov på. *(Bd.I, s. 83-86)*



## \* Busetnadsutviklinga gjennom tidene

På generelt grunnlag er det mogeleg å seia noko om busetnaden både i steinalderen og folkevandringstida. I høg mellomalderen er me på tryggare grunn. Me veit ein del om folketapet som fylgje av pestepidemiar frå 1349 til 1636. Sidan kan folkeutviklinga fylgjast meir detaljert så og seia frå tiår til tiår til ein topp på 1060 i 1865 og me veit òg ein del om årsakene til variasjonane: Epidemiar, krig, utvandring, husmannsplassane og klimaendringar.

### I steinalderen

Dei fyrste som regelmessig søkte tilhald i Bokn, var ein flokk jegerar og samlarar, truleg tri – fire familiar med ti – femten medlemmar. Etter kvart blei klimaet mildare og reiskapen meir avansert noko som gjorde at ein kunne nøya seg med eit mindre areal. I yngre steinalder då klimaet var mest som i Paris i dag og husdyrhald og åkerbruk tok til å gjera det enklare å overleva vintrane, reknar me med at fire – fem familiar med 20 – 25 medlemmar kunne livnæra seg av Bokn. (*Bd. I, s. 33-35*)

I Trollhola i Nora Våga kan det åleine ha halde til 25 menneske. Analysar av ca. 8000 år gamle beinrestar av folk frå Bleivik, Vistehola og ved Kristiansand tyder ikkje på at dagens boknarar er direkte etterkommarar etter steinaldermenneska. Me reknar med at desse folka kunne vera ganske sårbare, og at stammen frå tid til annan blei utsletta, men erstatta med nye stammar utanfrå.

### Bronsealderen

I bronsealderen var klimaet betre, jordbruket meir avansert og folket fastbuande. Ved desse tider er det berekna at øyane var delt mellom rundt 30 familiar med eit samla folketal på rundt 180. (*Bd.I, s. 50*)

### Jernalderen

Ca. 500 f.Kr. med klimaforverring og nedgang i talet på funn, tyder på eit samanbrot i busetnaden. Men frå Kristi fødsel og særleg frå kring 400 e.Kr. av, var det vokster att. Me reknar med at det då var rundt 45 gardar med til saman 70 tun. Om det budde ein familie med fem medlemmar i kvar, kan Bokn då ha romma kring 350 menneske i Bokn. (*Bd. I; s. 67*)

Kring 550 e.Kr. braut busetnaden saman att, venteleg som eit resultat av pest. Funnmengda krympa vesentleg inn, og ut frå seinare røynsler med pest, blei folketalet i det minste halvert – ned mot 150 – 200 innbyggjarar. Desse pestepidemiene slapp taket seinast midt på 700-talet, og gradvis auka folketalet. Fyrst på 1300-talet reknar me med at øyane på ny romma rundt 350 menneske. (*Bd.I, s. 107-109*)

### Svartedauden

I 1349 kom Svartedauden og med den eit nytt samanbrot i busetnaden. Nye pestepidemiar kom med om lag ti års mellomrom, og kring 1520 var truleg folketalet nede i om lag 110 menneske. (*Bd.I, s. 130-139*)

Utover på 1500-talet gjekk det lenger mellom kvart utbrot av pest. Likevel steig folketalet berre seint sjølv om det var eit overskot av bruk og gardar øyde og tilgjengelege. Men forståing av at isolasjon hindra smittespreiing gjorde at epidemiane gradvis stoppa opp. Den siste herja i Bokn i 1636. Det førte til at folketalet steig ganske raskt og runda kring 250 i 1701.



At det ikkje auka meir, hang saman med heftige kopp- og dysenteriepidemiar. Dessutan var ein nå inne i den vesle istida med eit mykje ringare klima enn tidlegare. Til dette kom den omfattande blodtappinga Den Store Nordiske Krigen 1709 til 1720 innebar. Difor gjekk det framleis beint oppover, og i 1740 budde her framleis ikkje meir enn 270 menneske. Sidan løysna det noko, og i den fyrste ordinære folketeljinga i 1769 budde det i soknet 372 menneske. (Bd. I, s. 356-357)

### **18- og 1900-talet**

Med forståing av betre hygiene og koppevaksine frå kring 1800 steig folketalet jamt og nådde 452 i 1801. På 1800-talet steig folketalet jamt til det nådde eit toppunkt kring 1865 med 1062 menneske. Men med samanbrotet i sildefisket i 1871 svikta næringsgrunnlaget for mange og utvandring til Stavanger og USA gjorde at folketalet sakk gradvis til 694 i 1910. (Bd. I, s. 400) Men etter at utvandringa til USA stort sett stoppa opp frå 1929, tok folketalet til å auka att og runda kring 800 ved krigsutbrotet 1940. I dei 20 åra som fylgde, blei det liggjande på dette nivået og nådde 822 i 1960. Sidan var det jamn tilbakegang fram til 1980 då folketalet var nede i 722, det same som i 1920. Det var ungdommen som flytta ut av mangel på arbeidsplassar. Men sidan auka det på att, mellom anna fordi det blei enklare å pendla til arbeidsplassen. I 2020 nådde så folketalet 853.

### **Nautøy**

Nautøy er ei 208 dekar stor øy tre kilometer aust for Austre Bokn og grensande til Tysvær i nord og mot Stavanger (tidlegare Finnøy) i søraust.

Øya er låg, høgaste punktet ragar berre 19 moh og eit rikt fugleliv attåt store mengde tang og tare har gitt eit grøderikt jordsmonn og framifrå beitemark. Ho ligg dessutan særskild strategisk til ved den indre leia frå Karmsundet til Skjoldafjorden og drageidet ved Haraldseid.

Sidan mellomalderen låg Nautøy under stormannssætet Hesby på Finnøy.

Både i mellomalderen, 1500-talet og ut over på 1600-talet budde det folk her.

Sist på 1600-talet blei øya avfolka og lagt under Reilstad. Kring 1730 tok Falkeid i Tysvær over i eigarskapet fram til i 1778. Dette året skal Osmund Larsson Søre Våga ha teke over øya. Frå kring 1816 fram til 1840 var øya busett att for så å bli fråflytta.

Nokre år frå 1887 åtte mellom eit par rennesøybuar i Nautøy. Dei skar torv og sette også opp ei lita bu for overnatting ved torvmyra. Frå 1916 fall på ny eigarskapet til øya tilbake til Søre Våga. I gode fugleår kunne øya fø sju kyr og 60 sauer!



## **\*Boknasamfunnet blir til**

### **Steinalderen**

Eldre steinalder var prega av nomadeflokkar på tri-fire familiar som flakka over eit område som kan ha strekt seg frå Jæren i sør til Bømlo og Stord i nord. Det ville alltid vera ein leiar, kanskje ein sjaman og det var ein innbyrdes rollefordeling med mennene som jegerar og krigarar medan kvinnene organiserte livet i leiren.

I løpet av yngre steinalder tok boknasamfunnet organisasjonsmessig eit steg opp. Mellom anna kravde ein noko tettare busetnad og eit nomadisk jordbruk meir organisering. Me ser òg at dei fekk meir sjødugelege farkostar og av reiskapsutviklinga må det ha vore kontakt med Jylland – alt dette kravde ein noko meir kompleks samfunnsstruktur mellom anna for å regulera forholda folk imellom og for å kunna gjennomføra felles tiltak. *(Bd. I, s. 43-44)*

### **Bronsealder**

Det store steget framover kom likevel med bronsealderen frå kring 1800 f.Kr. Då nådde indoeuropeiske stammar Bokn med eit nytt språk, ny reiskap, metall, ny levemåte og nye tradisjonar. Mellom anna var det nå dei tok til å leggja dei døde i gravhaugar. Dessutan var det nå folk blei bufaste og utvikla ei meir avansert form for jordbruk. Dei svære gravrøysene på begge sider av Boknasundet vitnar både om rikdom, overskot og makt samla på få hender. I denne perioden var det også stor skilnad på storleiken på gravhaugane, då eit vitnemål om tilsvarande sosiale skilnadar. *(Bd. I, s. 46-47)*





## **Jernalder**

Samanbrotet 500 f.Kr førte også til ei svekking av samfunnsstrukturen. Men kring 400 e.Kr. kan det sjå ut til at det utvikla seg på nytt eit maktsentrum om lag der Boknasundet var smalast. Gruppa av gravhaugar, steinsetjingar og bautasteinar også frå denne perioden vitnar om det. Elles er dei fleste gravhaugane frå denne perioden og saman med eit mangfald av gardsanlegg vitnar dei om eit blømande og velorganisert samfunn. *(Bd. I, s. 55)*

Dei mange fjøremannsbuene husa opp mot 1200 mann, fisket knytt til dei og sildeeksporten, ein del venteleg jamvel over Nordsjøen, må òg ha kravde ikkje lite organisering og tilført Bokn ikkje lite rikdom. *(Bd. I, s. 73-76)*

## **Skipreide**

Det er likevel ikkje før på 900-talet e.Kr. me får vita meir konkret om den verdslege organiseringa av Bokn. Seinast då blei Rogaland organisert i skipreide. Bokn utgjorde då i folketal om lag tredjeparten av det som sidan blei kalla Hetland skipreide og som også omfatta delar av Tysvær og Avaldsnes. Sentralt i skipreide var tinget der ein dømde og organiserte verksemda i skipreida. Elles rusta ein ut eit leidangsskip med 50 manns mannskap, ein for kvar sjuande mann over sju år. Ved desse tider og utover i mellomalderen heldt det til adel på Boknaberg og Vatnaland. Så strategisk som Bokn låg, må øyane òg ha spela ei rolle i rikssamlingsprosjektet til Harald Hårfagre. *(Bd. I, s. 86-89)*

I fylgje Snorre og seinare forskning, fall Erling Skjalgsson truleg ved Steinsholmen innanfor Are. Det kan tenkjast at sylvskatten funnen ved Sunnanlandsstraumen eit par kilometer lenger nordvest kan ha med dette slaget å gjera.

Denne verdslege organiseringa i skipreide heldt seg heilt fram til formannskapslova blei vedteken i 1837. Men lenge før var det etablert nokre kommunale organ. Det viktigaste var sidan mellomalderen bygdetinget med lensmannen som leiar og organisator, og med vanlege bønder som domsmenn. Her blei det ikkje berre dømd i sivile og kriminelle saker, men og teke opp saker som galdt bygda.

Omgangsskulen blei etablert i 1739 og ein eigen skulekommisjon for Bokn frå 1758 med presten som leiar og elles lokale representantar. *(Bd. I, s. 322-324)* Noko seinare, i 1782, blei det òg oppretta ein fattigkommisjon. *(Bd.I, s. 328-332)*

## **Kyrkjesoknet**

Ved sida av den verdslege styringa, og til dels samanvevd med henne, var den geistlege. Truleg var det eit kultsenter på Boknaberg også før kyrkja kom. Med den kontakten boknarane hadde over Nordsjøen, var kristendommen velkjend her alt frå 800-talet e.Kr. Sidan døypefonten frå den gamle kyrkja er frå kring 1100 e. Kr., trur me Bokn var kyrkjesokn med eigen prest alt frå den tid. *(Bd. I, s. 123-126)*

På grunn av Svartedauden og folketapet i seinmellomalderen blei Bokn fusjonert med Falnes, Ferkingstad og Åkra sokn til eit prestegjeld og med ein prest for heile området. Dette danna utgangspunktet for det nye Falnes formannskapsdistrikt der Bokn var den eine av dei fire soknekommunane. *(Bd. I, s. 549-551)*

*Tristovehuset i Føresvik.*

*Våningshus og låve, bruk 1 på Laupland*



## \*Jordbruket gjennom tidene

### Yngre Steinalder

Jordbruket kom til Bokn kring 4000 f.Kr., og skapte tidsskiljet mellom eldre og yngre – også kalla bonde - steinalder. Nå tok boknarane til å forma naturen etter eigne behov og ku-raut og breking blanda seg med hundeglam ved buplassane. Det var fyrst nokre få dyr som fylgde dei frå buplass til buplass som vandrande matlager om jakt og fiske svikta. Dei rydda og svei av skogen – for det meste alm, eik og lind – til beitemark og etter kvart lærte dei seg å så i oska. Flintsigdane vitnar om at også åkerbruket kom i land i denne perioden. Gradvis vann jordbruket over jakt og fiske, men det var fyrst kring 1800 f.Kr. det blei hovudnæring og dirigerte kvar boknarane skulle bu. *(Bd. I, s. 40ff)*

### Bronsealder

No busette boknarane seg fast på høgdedrag og i tørrlende eigna for gardsdrift. Gardane var vide og svara om lag til eit par moderne matrikkelgardane. Nå blei heile bygda teken i bruk. Bygningane blei større og meir solide, eigna til bruk gjennom heile året og til lagring av vinterfôr for folk og fe. Ikkje sjeldan låg dei også der klyngetuna sidan vaks fram.. Det er berre gjort eit bronsefunn i Bokn, framleis nytta dei jordbruksreiskap av stein. *(Bd. I, s,47-50)*

### Eldre jernalder

Eit fuktigare og råare klima kring 500 f.Kr. førde mellom anna til at dei gamle lauvskogane ikkje makta å henta seg inn etter påkjenningane frå bronsealderjordbruket, men blei erstatta av ei lyngheilandskap me kjenner frå moderne tid. Difor steig grunnvassnivået og førte til at jordbruket laut drivast andre stader enn tidlegare. Etter kvart dukka også jernet opp og erstatta gradvis reiskap av stein. *(Bd.I, s. 53)*

### Folkevandringsgarden

I løpet av eldre jernalder vaks folkevandringsgarden fram. I Bokn er det registrert sju av desse gardsanlegga, men på det meste kan det ha vore kring 45 slike gardar på i gjennomsnitt rundt 1000 dekar. I tunet – oftast eitt, men stundom to og tri - finn me eit langhus der folket budde i den eine enden, buskapen i den andre. Elles var det eit par hus til, mellom anna for vinterfôret. Frå fjøset gjekk det ut ein geil – ei fe-gate danna av to meir eller mindre parallelle steingardar -gjennom innmarka og munna ut i utmarka. Her bøygde dei låge steingjerda i geilen av og gjekk over i utgarden, eit lågt steingjerde som markerte skilje mellom inn- og utmark. Grovt sett utgjorde åkeren kring tredjeparten av innmarka, men gjennom triskiftebruk blei heile innmarka etter kvart teken i bruk som åker. Ein kjende ved dei tider ikkje dreneringsteknikk og gjødsla lite. *(Bd. I, s. 66-67)*

### Mellomaldergarden

Frå 550 e.Kr førte eit nytt samanbrot i busetnaden dels til ei mengd øydegardar, dels til ei heil omlegging av gardsdrifta. Innføringa av laftingsteknikken førte til ein overgang frå langhuset til ei rekkje mindre, spesialiserte hus – vanlegvis seks – åtte bygningar til kvart bruk og samla i små landsbyliknande klyngetun for alle bruka på kvar matrikkelgard. Innmarka blei delt i åker nærast tunet og enga lenger ute, alt delt i teigar mellom bruka. Somme engteigar var så små, at det let seg ikkje gjera å tjora ei ku utan at ho nappa til seg gras hjå grannen.



Nå blei det også vanleg med god gjødsling slik at dei same åkrane blei bruka år etter år. Avkastinga var drygt seks fold korn, for det aller meste havre. Til samanlikning fekk dei to – tri fold på Austlandet og fire – seks fold på Jæren! I tuna låg mottinga, eit søkk der ein dumpa alt som kunne brukast til gjødsel, og kjengaren, eit slag skur der ein lagra kornet. Utanfor innmarka låg den felles utmarka der landskylda styrte kvart bruks rettar og størrelsen på buskapen. I hovuddrag dreiv boknarane jorda slik til midt på 1800-talet.

I mellomalderen åtte berre drygt kvar tiande bonde eiga jord. Denne andelen auka til rundt kvar fjerde bonde midt på 1700-talet. Ved dei tider åtte kyrkja (bisp/kloster/bygdekyrkje) kring 55% og adelen 20% av all jord i bygda. (Bd. I, s. 100, s. 118-120 og s. 250-252)

### **Den moderne garden blir til**

På Bokn markerte det store utskiftingsåret 1850 brotet med mellomaldergarden. Det året fekk dei fleste gardane i Bokn trekt opp grensene mot kvarandre i utmarka. Bakgrunnen for at det var mogeleg, var dei to utskiftingslovene, den fyrste for innmarka i 1821, den for utmarka i 1857. Det meste av utskiftingane blei gjennomført fram til 1904 og opna for overgang til gardsbruk slik me kjenner dei i dag. Dei løyste opp teigblanda innmark og felleseiga i utmarka og braut opp klyngetuna slik at bruka fekk samanhengande areal med eit meir effektivt jordbruk og større produksjon som resultat. Men på nokre få gardar som Håland og Boknaberg ser me framleis restar av dei gamle klyngetuna. Utskiftingane saman med at mykje av arbeidskrafta (tenestefolk og husmenn) utvandra til byane eller Amerika, fremja òg ein overgang til eit meir maskinelt jordbruk. Elles dukka poteta opp sist på 1700-talet, og kom til å spela ei aukande rolle utover 1800-talet. (Bd. I, s. 422-427)

### **Frå mangfald til spesialisering**

Sist på 1800-talet og utover på 1900-talet var trenden ein overgang frå åkerbruk til husdyrhald. I mellomkrigstida hadde eit gjennomsnitts bruk eit halvt hundre sauer, seks – sju mjølkekyr, hest og eit aukande hønehald frå rundt 30 dyr sist på 1800-talet til i gjennomsnitt 60 i mellomkrigstida. Dessutan heldt mange gris. Under krigen snudde trenden. For å fremja auka sjølvberging blei åkerarealet utvida og husdyrhaldet redusert. Etter krigen auka det dyrka arealet frå kring 3107 da. i 1949 til 9397 da i 2012. Ein annan trend var eit meir industrialisert jordbruk med færre og større einingar og ein større grad av spesialisering. Elles var jordbruket i Bokn i større grad ei bærande næring enn i nabobygdene. Medan 45% av boknarane i hovudsak var sysselsette i jordbruket i 1978, var det berre 12% i Karmøy og 28% i Tysvær. (Bd. 1, s. 956-958)

*Slåmaskin, høyvendar, plogar, treskeverk, restar av klyngetun på Håland og Boknaberg, Fe-gate i Kro, bygningane på Laupland, potetkjellarar*



## \*Husmannsvesenet

### Dei fyrste spesialistane

Ein viktig faktor i det gamle boknasamfunnet, var husmannen. Midt på 1800-talet var det mest like mange husmenn som bønder i bygda. Denne gruppa delte ein gjerne i to: Dei med og dei utan jord som også blei kalla strandsitjarar. Dei fyrste hadde gjerne eit lite heimehus attåt ein liten låve og fjøs for ei ku eller to, fem – seks sauer og ein liten åkerflekk. I gjennomsnitt dyrka dei på plassane med jord om lag tredjeparten av kva som trongst til livsopphaldet. Resten av inntektene fekk husmannen gjennom å spesialisera seg som handverkar – t.d. som tømmermann, snekkar, skreddar, skomakar og liknande. Slik blei husmennene dei fyrste spesialistane i Bokn og fremja på sitt vis pengehusaldet. Nokre kunne jamvel driva handel som i Ognahabn, Oksebåsen, Gullhaug i Kro og Tuedalen under Laupland og ein dreiv som båtbyggjar i Gongstø. (*Bd.I, s. 457 og s.525*)

Attåt drog dei som alle andre på fiske og gjekk på ulikt arbeid på gardane. Også på eit anna område peika husmannsvesenet framover – det fann opp kjærleiken. Medan born frå gardane gifta seg for danna alliansar foreldra meinte var nyttige, drog husmannsborna heimantil så tidleg og var så ubundne av foreldra at dei kunne gifta seg med den dei var glade i. (*Bd.I, s.354-356*)

### Dei fyrste

Dei fyrste husmennene dukka opp i Bokn i 1618 og i 1668 blei sju rekna opp: Ein på Nautøy, ein på Ogn, ein i Kro, ein i Våga, ein på Laupland, ein i Føresvik og ein i Alvestadkroken. Dei i Vigjå og Krogjen var strandsitjarar og levde dels av fiske, dels av ferdefolk som trong husvære, vøling av fartøy, skyssing og elles andre tenester. Dei andre var meir tradisjonelle husmannsplassar med jord. Husmennene åtte jamnast huset sitt sjølv, men laut leiga jordlappen dei budde på. Dei representerte ei viktig arbeidskraft på arbeid på gardane både mot betaling og som leigeyting for plassen. (*bd.I, s.189-191*)

### Husmannsgrender

Talet på husmannsplassar auka utover på 1700-talet og runda 20 i 1801. Dette talet heldt seg nokolunde til fyrst på 1820-talet, men doblast til 40 i løpet av dette ti-året. Voksteren heldt fram til i 1850-åra då ein var oppe i 75 plassar mot 81 gardsbruk. Nokre stader blei det reine plassgrender. Ei av dei var Baståsen – Ådnaneset vest på Grønnestad. Kring 1860 var det der samla elleve plassar. Eit anna område var Breivik – Borgenvik med ti plassar. Dessutan var det ein samling på ni plassar i Søre Våga, mange av dei med oppgåver retta mot aktivitetane i Nora Vågaholmen. Utanom desse tretti plassane var dei 45 resterande spreidde nokså godt over heile bygda.

Både tilflytting på grunn av eit omfattande sildefiske og eit lokalt fødselsoverskot førte til ein så kraftig auke utover på 1800-talet at talet på ledige gardsbruk ikkje heldt tritt med folkeauken. Alternativet var då å slå seg ned på husmannsplassane.

### Det ebbar ut

Medan talet på husmannsplassane midt på 1800-talet utgjorde om lag halvta av dei samla brukseiningane, utgjorde dei som budde på plassane berre snautt tredjeparten av folketalet i Bokn. Årsaka var at det gjennomgåande var langt mindre huslydar på plassane enn på gardsbruka: Dels fordi venta lenger med å gifta seg og difor fekk færre born, dels fordi husmannsborna i gjennomsnitt berre var tolv år når dei flytta heimantil mot 14 år for



bondeborna. I snitt budde det difor åtte personar på kvart bruk mot berre fem på husmannsplassane. (Bd. I, s. 361)

Etter at sildefisket svikta i 1871, starta utvandringa av husmenn for alvor. Trenden var at dei unge flytta til byane eller Amerika medan dei gamle blei verande. I 1910 var det berre 26 plassar att med 3-4 gamle på kvar. Og i løpet av det neste tiåret forsvann dei i praksis heilt. (Bd. I, s. 398-404)

*Husmannsplassar i Ognahabn, Baståsen, Ådnaneset og Oksebåsen.*

## **\*Fiske, fangst og bruk av sjøen**

### **Midt i matfatet**

Dei gamle boknarane sto med ein fot i åkeren og ein på tilja. Som ei øybygd var sjøen nær og nødvendig å forholde seg til og låg som ei skei i eit stort matfat. Sjøen var den store grannen, stundom fjåg og gåvmild, stundom morsk og krevjande. Då dei fyrste kom til øyane, var livsgrunnlaget lite anna enn kva sjøen baud. Dei fyrste 8000 åra budde folket alltid langs strendene – eit vitnemål om at boknarane dei fyrste 2/3 av historia i hovudsak levde av sjøen. Sjølv om jorda tok over som hovudnæring med bronsealderen 1800 år f.Kr., åtte dei båtar, større og meir sjødugelege med åra. Heilt fram til vår eiga tid har fangst og fiske vore viktig for boknarane. I mellomkrigstida hadde kvar femte i karmsundkommunane fiske som hovudnæring mot kvar tredje boknar.

I Bokn er det registrert to skipsnaust frå folkevandringstida, eit i Kallabergvika og eit inst i Lauplandsvågen, begge for fartøy godt over 20 meter. Dessutan har det funnest større nausttufter som er rydda bort. På Rennesøy er tilsvarande naust grovne ut. Der er det funne store mengder fiskereiskap, fiskekrokar og søkke, men òg heimelaga keramikk til eksport. Dessutan fann dei importerte glasperler og ravsmykke. Også på Bokn bygde dei og heldt større, havgåande skip mellom anna eigna til handel over Nordsjøen. Og den viktigast eksportartikkelen herifrå må ha vore sild.

### **Fjøremannsbuene**

For alt i folkevandringstida var Bokn sentrum for eit omfattande sildefiske. Frå Vestre Arsvågen i aust rundt heile Hognalandbassenget og over til Drevsund i vest i ein boge langs strendene ligg minst 160 fjøremannstuftene. Dei er kring seks kvadratmeter kvar og er restar etter buer reiste for minst tusen sildefiskarar frå fjernare delar av fylket. Buene ligg gruppevis i lune vikar og gode hamner for mindre fartøy og med båtopleftrek, brygger og naust ikring. Opphavleg låg dei straks over flomålet, men landehevinga har lyfta dei to – tri meter høgare. Jamvel gravrøyser låg det ved tuftene som vitnemål om at somme døydde medan dei var her. Det er òg funne fiskesøkke i sjøen ved desse buene.

Medrekna dei lokale kring Skudefjorden, kan opp mot eit par tusen mann teke del i desse fiskeria med røter tilbake til folkevandringstida og drive gjennom mellomalderen. Men etter reformasjonen manglar me vitnemål om at dei har vore i bruk. Dette fisket må ha kravd ei omfattande organisering, og truleg har det vore eksport til England. Kanskje spela det ein rolle jamvel i rikssamlingsssamanheng.



## **Sildefiske**

Soga fortel at silda har kome og gått heilt sidan 800-talet. Mellom anna søkte silda Skuddefjorden årvisst i perioden 1510 til 1560, 1610 til 1648, 1699 til 1784 og frå 1808 til 1871. I vikingtida blei silda likestilt med kornet som livsgrunnlag. Den store sylvskatten frå Sunnalsandsstraumen med dels tyske, dels engelske pengar kan vera tent på sildeeksport til desse landa.

Bokn har kring fem mil strender med ei rad gode hamner, fremst Kongshamn, Vågavågen, Lauplandsvågen, Drevsund og Vestre Arsvågen. Kvar gard hadde sine støer og naust og sjoarvegen var den viktigaste vegen på land. Langs strendene låg små klynger av naust som høyrde til gardane nærast ved. Ofte var det same tal naust som det var bruk på garden. Så langt tilbake me veit, hadde kvar husmann og bonde båt og fiskereiskap. I fylgje arveskifta på 1700-talet, åtte dei normalt ein færing, ein åttring, naust, båtstø, åtte – ti sildegarn, morteglip, hummarteiner og sjølvsgagt handsnøre. Alt sjøbruket utgjorde i snitt om lag tredjeparten av verdien av kva ein bonde åtte.

På 17- og 1800-talet tok alle vaksne menn i Bokn del i sildefisket og i heimane leigde dei ut husrom til framande sildefiskarar mot betaling. På 1800-talet engasjerte boknarane seg både i foredling og transport. Såleis reiste dei minst ti større sjøhus for sildesalting og kvar femte bonde skaffa seg ei jakt for frakting av silda, mellom anna til Østersjøområdet. Ved sida av sildefisket, var sesongfisket på vårparten etter «ferdatorsk» i Boknafjorden viktigast. *(Bd. I, s. 73-82 og s. 459)*

## **Hummar**

Hummaren leverte dei i Holmahavn i Nora Vågaholmen. Hamna var forsynt med fortøyningspålar for større fartøy og jamt 40 – 50 hummarkister som mottak. Her leverte hummarfiskarar ikkje bare frå Bokn, men òg frå Tysvær og Hervikfjorden. Dei som bruka hamna, betalte ei avgift til bøndene i Nora Våga for drift og vedlikehald av hamna – fram til hummarparken blei etablert kring 1834.

Kring strendene var det ei rad laksesete, særleg på Austre Bokn. Nest etter sild, torsk og hummar, blei laksen rekna som den viktigaste fisken. Dinest hausta ein frå tid til annan også rikt av makrell og mort. Om eit fiske svikte, var det alltid eit anna å gripa til. Mykje fisk blei seld i Stavanger og sjølvsgagt hadde ein nøgda av fisk til husbruk. Med hermetikkindustrien i Stavanger sist på 1800-talet kom òg brislingen til. *(Bd. I, s. 209-221)*

## **Islandsfiske og kvalfangst**

Då silda forsvann i 1871, forsøkte mange boknarar å fylgja henne til Kinn, til Island og jamvel til svenskegrensa. Det innebar at dei laut skaffa seg større fartøy. Kontakten med Island gjorde også at Mons Larsen i Kro i 1882 starta kvalfangst med landstasjon på øya. Elles blei Sunnalsandskanalen teken i bruk i 1876 slik at mindre båtar skulle sleppa å runda Loden på veg mellom Karmsundet og Boknasundet. *(Bd. I, s. 467-470)*

Frå kring 1910 starta overgangen til motor i Bokn. Og i 1916 – då tyskarar og engelskmenn overbaud kvarandre på sild – fekk fleirtalet av boknarane råd til å skaffa seg motorar og blei langt meir mobile enn tidlegare. Nå kom også dei dekkka motorskøytene som gjorde fisket tryggare enn før. *(Bd. I, s. 465-468)*



## Hamneutbygging

I 1920-åra braut sildeprisane saman slik at dei nokre år kring 1927 heller bruka henne til gjødsel. For å møte krisetidene, organiserte fiskarane seg i 1929 i Bokn fiskarlag. Ei viktig oppgåve, var å leggja til rette for gode hamnevilkår for sildeflåten i Drevsund. Mellom anna bad dei fyrdirektøren om at det måtte setjast opp ei fyrlykt ved innseglinga her og kommunen at det måtte leggjast køyreveg og telefonline ut, at det blei sett opp fortøyingspålar. Dei fekk mudra Sunnalandskanalen og i 1931 blei det jamvel bygd eit ferskvassbassen ovani Drevsund for sildeflåten.

Etter krigen var hovudsaka å sikra betre hamner for dei stadig større fiskefartøya heimheyrande i Bokn. Såleis kom moloen i Føresvik i 1959, i Alvestadkroken i 1953/74 og ved Knarholmen i 1986. (Bd. II, s. 861-864 og s. 923-925)

Ved sida av vanleg fiske, vaks sjøbruksnæringa fram frå 1964 av. Ingolf Kro var fyrst ute med ein merd for aure i Gunnarstadvatnet. Sidan i tiåret fylgde fleire andre etter forsøksvis både i ferskvatn og i sjøen. Men fart i denne næringa blei det fyrst frå 1974 då Bokn fiskeoppdrett fekk konsesjon ved Jøsen. Sidan kom fleire til, og i 1983 fekk Arne Øvrebø konsesjon på settefiskanlegg i Trosnavåg.

I tiåret som fylgde, drog boknarane i gang ei rekkje oppdrettsanlegg, men både algar og periodevis vanskeleg marknadstilhøve i 1990-åra gjorde drifta krevjande. Frå tusenårsskiftet ga difor dei lokale eigarane opp, og store og kapitalsterke firma, fremst Grieg Seafood, tok over. (Bd. II, s. 909-912)

## \* Vassdraga

### Frå vik til vatn

Av arealet i Bokn er 2,7 kvadratkilometer ferskvatn delt på 55 vatn. Sidan landet straks etter istida låg 32,5 meter djupare enn i dag, var dei fleste av dei større vatna då bukter eller små fjordar av sjøen. Det galdt t.d. Buarvatnet og Sandvatnet, Gunnarstadvatnet og Ulvånå, Grønnestadvatnet, Sunnalandsvatnet og Hognalandsvatnet, Vatnalandsvatnet og Arsvatnet, alle kring hundre dekar eller meir i flatevidd. Dei har difor skjelbotn som hindrar forsuring og gjer dei relativt fiskerike. Det einaste større vatnet havet ikkje nådde, var Boknabergsvatnet på 54,5 meter.



### Bekkekvernene

For åkerbruket var det livsviktig å kunna mala kornet. Fram til for kring 1500 år sidan blei det meste malt for hand - til bekkekvernene dukka opp i vikingtida. Snart blei det livsviktig å sikra kvernvatn, og kvar gard som hadde ein liten flaumbekk, stemde han opp til hausten når kornet skulle malast.



Eigar: Karen Hetland

Den største kverna låg i den vassrikaste bekken og med det vidaste nedslagsfeltet ned frå Gunnarstadvatnet. Her tok dei mot korn for maling mot betaling. Det utgjorde på 1700-talet tredjeparten av alle inntektene på Trosnavåg. Sist på 1800-talet kalla bonden her seg møllar og hyrte inn arbeidskraft til drift av mølla. Dei stemde òg opp Gunnarstadvatnet noko som førte til sjau mellom dei to gardane. Også tjuvmaling av korn førte til konflikhtar mellom gardar. (Bd. I, s. 431-432)

Viktigast var likevel Kvednabekken ned frå Boknabergsvatnet. Han er ikkje vassrikast, men har best fall. Dessutan renn han gjennom tjukkaste Kyrkjebygda, det sentrale jordbruksområdet i kommunen. Her låg kvernene til bruka på Boknaberg, Sæbø og Alvestad på rekke og rad. Som elles stemde dei også opp dette vatnet, og det blei rekna som ei viktig gjerning når stemmen blei opna utpå haustparten.

På Austre Bokn var det ikkje eigna kvernbekkar. Seinast frå 1500-talet leigde dei seg difor rettar og sette opp kverner langs Halvarsbekken som renn frå Buavatnet nord på Vestre Bokn. Ei anna viktig kvern låg ved bekken frå Vatnalandsvatnet inst i Lauplandsvågen. Her hadde bruka på Laupland og Vatnaland kvernene sine og attåt tørker for kornet.

Andre viktige kverner finn me i bekken ned frå Hognalandsvatnet, i bekken ned frå Stemmevatnet på Grønnestad og i bekken ned frå Sunnalandsvatnet til Bakkavika og for Are i Kvernavika ned frå Arsvatnet. Jamvel på Ogn bygde dei ein etter måte stor stem der dei sist på 1800-talet sette opp overfallshjul mellom anna til drift av treskeverk. Stort sett gjekk gardsmøllene or drift og blei erstatta av Fiskå mølle rundt 1. verdskrig. Under 2. verdskrig fekk nokre av dei ein renessanse for å kunna mala korn i løynd. (Bd. I, s. 430-432)

### Kraftverk

I nyare tid freista nevenyttige folk å laga små kraftverk ved nokre av bekkane. Mellom anna laga nokre austreboknarrar under og rett etter krigen eit lite kraftverk i bekken rett sør for Tåganes og Julius Alvestad gjorde det same straks etter krigen i Kvednabekken. (Bd. II, s. 646) På 1800-talet skar dei elles is på Vågatjørna i Våga til ishuset og konservering av laks på Nora Vågaholmen. (Bd. I, s. 481)





## **Fiskeoppdrett**

I ein del vatn forsøkte dei fyrst i 1960-åra på oppdrett av laks og aure. Fyrste forsøket blei gjort i Gunnarstadvatnet i 1964. Eit par år etter prøvde tri ungdommar på Håland og Vatnaland seg med aureoppdrett i Sørå Hålandstjørna. Auren fekk dei med brønnbåt frå Hardanger og fisken blei frakta i lannkjerre opp til tjørna. Året etter hausta dei halvanna tonn aure, men vanskar med drift og levering gjorde at det etter berre eit par år blei avvikla. (*Bd. II, s. 913-915*)

## **Vassverk**

Ei stadig utfordring i Bokn, var elles tilgang på godt drikkevatt. Alt våren 1950 vakna tanken om eit kommunalt vassverk sidan mykje av brønnvatnet var av låg kvalitet. I fyrste omgang tok dei sikte på Boknabergsvatnet som kjelde, men fann i 1967 at vatnet der ikkje var brukande. I staden sikta kommunen seg inn på Torlandsvatnet som ligg i 63 meters høgd og såleis med godt fall. Det blei i 1969 oppretta stilling som kommuneingeniør der etableringa av vassverket var ei hovudoppgåve.

Arbeida starta i 1971 med pumpestasjon på Torland og basseng på Vaulen. I 1973 kunne så kranane opnast for kommunalt vatn – i fyrste omgang til Kyrkjebygda, sidan til heile kommunen. Elles var det grender som sist på 1900-talet oppretta mindre, private vassverk, mellom anna frå Hagavatnet på Grønnestad. (*Bd. II, s. 846-848*)

*Kvernhusrestar: Halvardsbekken, Kvednabekken, Ulvånå, bekken frå Vatnalandsvatnet og frå Grønnestadvatnet. Overfallshjul på Ogn. Generatoren til kraftverket i Kvednabekken*

## **\* Kommunikasjon og samferdsel**

### **Då sjø batt og land skilde**

Alt namnet «Bokn» fortel at desse øyane ligg kommunikasjonsmessig sentralt til. Det gjorde dei då sjø batt og land skilde, det gjer dei i dag med europaveg, ferjeleie og fjernsynssendar. Store skipsnaust og gjenstandar vitnar om kontakt over Nordsjøen i førkristen tid. Dei tette kontaktane over havet gjorde at nye impulsar nådde Bokn tidleg: Ny jordbruksteknikk og måtar å organisera seg, nye måtar å tenka og å tru. Difor var boknarane kjende med kristendommen lenge før Håkon den gode og Olav den heilage prøvde å omvenda folket. Boknarane var godt utrusta med båtar, og med brukbar bær nådde dei sidan mellomalderen både Stavanger og Bergen på dagen. Dessutan var det på 16- og 1700-talet ein husmannsdriven skysstasjon på Are som førde folk over fjorden. Attåt var det råd å leiga skyss i Føresvik og Alvestadkroken.

### **Navigasjonshjelpemiddel**

Til hjelp for navigasjonen låg det like lenge eit system av vardar. Alt i mellomalderen kom det opp stakar og båkar, men særleg etter at det norske fyr- og merkevesenet blei reorganisert i 1820, kom det fart i å sikra leia. I tiåra som fylgde reiste det to nye, store vardar på Tå og Ådnaneset og sette opp stakar i Boknasundet som viste farbar lei. Då segla dei helst i dagslys og søkte natthamn når mørket senka seg. (*Bd. 1, s. 499*)

Med dampskipa frå midt på 1800-talet melde behovet seg for å kunna segla også i mørke. I 1849 blei difor Boknasundet fyrstasjon reist på toppen av den største gravhaugen i bygda. Samstundes blei det montert fortøyingssringar i Føresvik og Alvestadkroken. I 1912 blei



fyrstasjonen erstatta av fyrlykter på begge sider av sundet. Attåt var det lykt på Klepppynten, Aksdalsneset og Boknahovudet og i 1931 kom lykta ved Drevsundet. Etter oppmoding frå Bokn fiskarlag kom tåkeklokka på Aksdalsneset i 1934. *(Bd. I, s. 499-502)*

### **Gang- og ridestiar**

Fram til 1846 fanst det ikkje køyreveggar i bygda, berre gang- og ridestiar. Den viktigaste vegen til lands var sjoarvegen, vegen frå gardstunet ned til støer og naust som batt sjø og land saman. Dinest var kyrkjevegen viktig. For austreboknarane var det å ro kyrkjebåten, Våga og Aksdal lende i Alvestadkroken og dei nord for Tåganen i Føresvik. Elles var det gang- og ridesti frå Våga opp Kråkeskaret over heia og ned til Nerabø.

På Vestre Bokn gjekk kyrkjevegen frå Loden via Jøsen, Sunnaland, Kleiva, opp Dagsland over Dagslandsskaret ned til Håland, via Grytlå og Boknaberg til kyrkja. Til denne stien var det knytt ridestiar frå Hognaland og Grønnestad. Kyrkjevegen frå Are gjekk over Laupland, Vågshaug, Vatnaland og vidare til Håland der han gjekk inn på stien frå Loden. Frå Trosnavåg gjekk stien over Gunnarstad, Vaulen, Boknaberg og til kyrkja. For dei søre og vestre delane av bygda låg elles kyrkja på Falnes vel så lagleg til. *(Bd. I, s. 505)*

Ei av dei fyrste sakene boknarane tok opp etter at dei frå 1837 danna kommune i lag med Skudenes, Ferkingstad og Åkra sokn, var køyreveg frå Trosnavåg til kyrkja. Dette fekk dei grønt lys for om dei sjølv heldt fri grunn, opparbeidde han og sidan sto for vedlikehaldet. Saka kom opp i formannskapet i 1842, og fire år etter var vegen ferdig. I 20 år var sidan dette den einaste køyrevegen i Bokn.

### **Køyreveggar**

Også etter at Bokn blei eigen kommune i 1850, sto køyreveggar øvst på ynskjelista. Særleg krevjande var stien opp Dagslandsskaret. I 1851 blei det difor laga ein vegplan: Ein køyreveg skulle gå frå Våga og Kro på Austre Bokn til Aksdal med stø for kyrkjebåten og sidan veg frå Alvestadkroken og opp til kyrkja. Ein annan skulle gå over Dagslandsskaret til Sunnaland og ein tredje over Håland framom Vatnaland til Are.

Behovet for betre vegar auka etter at det frå midten av 1800-talet tok til å gro opp krambuer kring om i bygda. Det blei styrka ved at det i 1864 kom dampskipsbrygge, fast rutebåtanløp og dampskipsekspedisjon og året etter postopnar i Føresvik og etter at det frå 1866 kom i bruk faste skular. I 1911 fekk Føresvik jamvel telefonsentral samstundes med Nerabø og Sunnaland. Vigjå var altså i ferd med å bli eit bygdesentrum, men ikkje utan konkurranse frå Alvestadkroken. Der sikra dei seg frå 1886 anløp av rutebåten til HDS og fekk på plass dampskipsbrygge.

Fyrst ute var at køyrevegen frå Trosnavåg til kyrkja i 1868 blei forlenga til Føresvik medan vegen frå Håland til Dagsland laut venta til i 1876, men var då framleis ikkje heilt køyrande. I 1896 starta arbeida på vegen att frå Dagsland mot Straumen. Han var ferdig i 1900 og utvida etappevis til han nådde skiftet mellom Jøsen og Loden i 1919 og Loden i 1941. Ny bru over Straumen kom i samband med Sunnalandskanalen i 1876 og blei erstatta med vippebru i 1907. Den gamle brua blei så lagt over bekken frå Grønnestadvatnet for å laga betre skuleveg til Ådnaneset og Baståsen.



I 1890-åra starta også arbeidet på vegen frå Håland via Vatnaland til Are. Også dette prosjektet drog ut og sto ferdig fyrst i 1915. (Bd. I, s. 517-520) Vedlikehaldet hadde bøndene sjølv ansvaret for, dei fekk tildelt visse roder som dei skulle ha tilsyn med. Etter krigen kom så vegen frå Sæbø over Alvestad mot Vatnaland og køyreveg frå Trosnavåg til Grønnestad. Sjølve storhendinga var likevel opninga av fastlandssambandet og ferje over Boknafjorden i 1991.

### **Rutebåtar**

Før bruene var båten bindelekka over sund og fjord. Fyrst skjedde det på individuell basis fram til 1864 då rutebåten dampna inn som eit alternativ. I mellomkrigstida hadde handelsmannen i Sunnalandsstraumen skøyta «Duen» som frakta både folk og varer til Stavanger og Koparvik. Med gavlebåten «Austbåen» tok Albert Øvrebø frå 1973 hand om skyssinga av skuleborn over Boknasundet då skulen blei sentralisert til Føresvik. Også frakteståttane Espedal og Flornes tok med seg passasjerar når det høvde slik.

Lokale initiativ var mindre rutebåtar som trafikkerte mellom Føresvik, Austre Bokn, Kopervik og Susort som Røgvær, Solstrålen, Gandal, Boknafjord og frå 1970 den vesle bilferja Boknferja som utnytta at det to år tidlegare kom stø for bilferjer både på Tåganen og i Føresvik. Frå 1973 blei ruta Bokn – Føresvik riksvegsamband og DSD sette inn meir eller mindre pensjonerte bilferjer på strekninga, heilt til M/F Bokn som var spesielt bygd for sambandet, blei sett inn frå oktober 1976. Denne ferja tok seg sidan av sambandet fram til fastlandssambandet blei etablert i 1991. (Bd. I, s. 711-714)

Så sentralt som Bokn låg i leia, hadde Nattruta mellom Stavanger og Bergen fast stoppestad i Føresvik frå 1892 til ruta blei avvikla i 1974. Rutebåten mellom Stavanger og Isvik i Skjold hadde også stoppestad på Bokn og då bilferjene, mellom anna M/F Tonjer, M/F Haugesund, M/F Tungenes og M/F Tre Måker, starta trafikk mellom Stavanger og Haugesund i etterkrigstida, blei også Føresvik ein stoppestad. I 1972 tok westamaranane til å trafikkera ruta mellom Bergen, Haugesund og Stavanger og gjorde også Føresvik til ein stoppestad. Frå starten var det seks anløp kvar dag kvar veg. Totalt sett naut altså Bokn godt av å liggja så sentralt til i leia. Men ved tusenårsskiftet blei snøggåttane utkonkurrert av Boknafjordssambandet mellom Arsvågen og Mortavika og anløpet var 31. desember 2015. (Bd. I, s. 730-732)

*Bruene, Arsvågen og europavegen, sjoarvegar, støer og brygger, naust, hamner, moloar, vardar, seglingsmerke, fyrlykter.*

## **\*Tettstader og handel**

### **Ved leia**

Boknasundet var den indre leia og Karmsundet den ytre. Både ved nordvestlege og sydvestlege vindar var det meir livd i den indre leia og difor søkte mykje av båttrafikken hit. Dette var siste stopp før Boknafjorden og den fyrste hamna nordover. I ein slik samanheng var dei to brukbare hamnene ved sundet ganske så strategiske: Føresvik og Alvestadkroken. Her gjekk det å livnæra seg av å yta tenester til sjøfarande, til dømes når dei låg vêrfaste og venta høveleg bôr eller at det stilna så mykje dei kunne koma seg vidare. Her søkte dei òg



natthamn når mørket senka seg. Difor må det ha vore aktivitet her alt sidan mellomalderen sjølv om det, nokså tilfeldig, blir nemnt folk her fyrste gongen i 1618: Jakob Føresvik. Men då hadde han venteleg alt budd der ei tid. (*Bd. I, s. 191*)

### **Føresvik veks fram**

Etter han fylgde korporal Hans Løstig og kona Sissel som midt på 1600-talet levde av å ta mot reisande og selja dei øl og mat. Dessutan hadde dei båt til å skyssa ferdafolk med. Spesielt hadde dei plikt til å gje presten losji, lys, varme og ei oppreidd seng når det trongst. Huset deira var ikkje rart, og hadde berre to vindauge.

Om plassen heiter det at han låg i Sæbøs eng i skiftet mot den felles utmarka til Sæbø, Boknaberg, Gunnarstad, Trosnavåg og Torland. Han hadde rett til å fø to kyr, halda to sauer eller ein gris ute på Holmen, spa ein åkerteig, leiga ein engteig på Sæbø og å skjæra torv i utmarka. (*Bd. I, s. 223-227*)

Etter at Hans Løstig drap lensmannen i 1668, laut han ryma. I staden tok Søren Tyrholm Schrøder, bror til soknepresten, og kona Maren, over som gjestgjevarar. I huset deira var det ei stove med sju vindauge oppvarma av ein gammal bileggjaromn. Over stova var det loft med seks vindauge, alle vende mot vest. Langs huset var det svol av hunbord, og på sørsida eit kjøkken med skorstein. Ut frå kjøkkenet var det eit halvtak av hun med rom for to kyr. For seg sto det ei bu der dei sov.

### **Gjestgjevar og tollar**

Maren mista tri ektemenn på rad og rekke, men dreiv som gjestgjevar i lag med sonen til fyrst på 1700-talet. I 1705 kom det opp eit nytt gjevarhus, denne gongen ute på Holmen. I 1720 kom Daniel Trosnavåg og dreiv fram til i 1734. Slik styrte skiftande folk gjestgjevarstaden ut over 1700-talet. Attåt budde det her ein husmannsfamilie som assisterte gjestgjevaren. I 1745 fekk gjestgjevaren også rang som kongeleg visitør, tollar, med rett til å borda fartøy som segla framom. Elles blei det halde havariforretningar her og var frå tid til annan møtestad for bønder som sokna mot bassenget mellom Føresvik, Austre Bokn, Tysvær og Avaldsnes.

Gjestgjevarverksemda blei lagt ned i 1792. I staden starta det nye paret då, Endre og Marta, handel. Og sidan har det vore drive handel her til i dag. Endre dreiv jaktefart langs heile kysten medan kona tok seg av handelen.

### **Monsen i Vigå**

Eit vendepunkt var det då Mons Larsen og kona Cecilie slo seg ned her i 1838. Dei bygde tristovehuset – eit herskapshus – å bu i, dei reiste eit stort salteri ute på Holmen, han dreiv skipsfart, fiske og kvalfangst, bygde dampskipsbrygge og fekk rutebåten til å ha anløp her frå 1864.

Fyrst på 1900-talet utvikla Føresvik seg til å bli ein verkeleg tettstad. I 1910 blei det gamle sildesalteriet teke i bruk som hermetikkfabrikk, året etter kom her telefonsentral, i 1923 fekk Bokn Sparebank kontor her og det kom opp ei smie, i 1925 opna meieriet drifta si, her var kafé, i 1929 blei gamleheimen vigsla, i 1954 blei det reist eit kombinert bank- og kommunehus og i 1969 tok Bokn Plast i bruk den gamle hermetikkfabrikken til sin produksjon av septiktankar. Bokn skule blei teken i bruk i 1973 og Boknatun med



kommunale kontor, bank, post, sjukeheim og helsesenter i 1987. Det blei også tilrettelagt eit idrettsanlegg og i 2017 sto Bokn Arena klart. Slik fekk Bokn eit samla og effektivt kommunesenter sjølv om banken og posten etter kvart flagga ut. (*GÆ bd. I, s. 301-303*) Meieriet blei elles lagt ned kring 1935 og postkontoret i 1998. (*Bd. I, s. 657-658*)

### **I «Krogjen»**

I Alvestadkroken sto det midt på 1600-talet to liknande bygg som i Føresvik der folket levde av fiske, litt jordbruk, ulikt arbeid og skøyte på med inntekter frå ferdafolk. Nokså snart flytta det fleire til, og sist på 1600talet var dei tri strandsitjarar som budde her. Dette talet vaks til fire familiar ut over på 1700-talet. (*Bd. I, s. 228-229*)

Ut over 1800-talet vaks hamna fram til å bli ein liten tettstad til 30 menneske i 1865 og 55 i 1891. Her var då bakeri med tri bakarar, dampskipsekspedisjon, to landhandlarar, seks fiskarar, ein skomakar, ein jektefører, seks sjøfolk, tømmermenn, snekkar, ein fyrvaktar, ein murar og jamvel eit lite fattighus. Utover på 1900- talet tok fiskarane stadig meir over og omfanget av dei tenesteytande næringane blei redusert til ein butikk. Men utbygging av hamna gjorde at fleire større fiskefartøy kunne stasjonere her. Sist i 1970-åra blei det òg lagt til rette byggefelt nord og sør i Alvestadkroken som då auka mykje i vaks i folketal. (*GÆ I, s. 423-425*)

### **Krambuene**

Utanom krambuene i Føresvik og Alvestadkroken, var det sist på 1800-talet små butikkar spreidd over heile Bokn. Mellom anna såg fleire husmenn dette som ein utveg til å styrka livsgrunnlaget sitt. Mellom anna var det handel i Ognahabn kring 1830, i 1868 dukka det opp ei krambu i 1868 på Gullhaug i Kro, frå 1905 til 1925 i Øvrabøvågen, Austre Bokn Handelslag frå 1925 til 2003 og sist på 1800-talet var det òg handel og bakeri på Nora Vågaholmen.

Vidare blei det starta handel i Tuedalen på Laupland i 1873, i Sunnlandsstraumen i 1875, i Oksebåsen og på Boknaberg i 1878, i Trosnavåg i 1880 og ein på Grønnestad i 1888. I løpet av femten år frå 1878 til 1893 blei det starta opp ikkje færre enn tretten krambuer i Bokn. Og alle trong dei veg! (*Bd. I, s. 521-525*)

*Murar etter krambuene i Oksebåsen og Nora Vågaholmen, krambua på Gullhaug og i Tuedalen står framleis. Elles finst alle dei fire nyare forretningane.*

## **\*Næringsverksemd og industri**

### **I Kro**

For å finna annan verksemd enn i primærnæringane, må me tilbake til 1800-talet som byd fram tri lokale kraftsentra: I Kro, Nora Vågaholmen og i Føresvik.

I Kro starta med sjernarøybuen Lars Olsson som i 1802 gifta seg til gards med Marta Jakobsdotter. Lars blei ein kjend haugianar og var med då NMS blei starta i Stavanger i 1842. Elles var han ein driftig gardbrukar og næringslivsmann. På grunnlag av overskotet frå eit



vellukka fiske, starta han jaktfart, bygde salteri i Kro og åtte fleire skipspartar. Av dei to sønene tok den eine, Ole, over etter faren i Kro medan den andre, Mons, flytta over til Føresvik og starta næringsverksemd der. I 1841 tok Ole over foreldrebruket og gifta seg med austlandsjenta Ingeborg Monsdotter frå Ringsaker. I 1848 fekk dei tømmer frå heimtraktene hennar til herskapshuset deira i Kro og til den nye kyrkja. Han dreiv som skipsreiar med partar i fem skip, med omfattande sildeeksport til Østersjøområdet og åtte også eit stort notbruk. I tid var han den rikaste mannen i bygda med ein skatt tilsvarande resten av boknarane til saman. I hans tid, i 1875, gjekk elles tretten bønder saman om etablera seg som skipsreiarar med skonnertbriggen «Kong Kaare», eit prosjekt som enda med konkurs og ruin for dei fleste av parteigarane.

Ole døydde i 1880, men sonen Lars dreiv vidare. Etter samanbrotet i sildefisket i 1871 og skipsfartskrisa frå 1875, gjekk det tyngre. Lars åtte rett nok part i Haugesunds største dampskip, men sleit likevel under den krisa som fylgde overgangen til damp i 1880-åra. Difor blei gardsdrifta og fiske i aukande grad fundamentet for økonomien her. Familien heldt likevel fram i Kro, og ein etterkomar etter Ole driv i dag ridesenter her.

### **I Føresvik**

Mons Larsen gifta seg i 1837 med Selia Kro, og då broren i 1841 tok over i Kro, flytta dei til Føresvik og tok over handelen der. Han engasjerte seg i sildefisket, og målet hans var å frå kontroll over heile sildehandelen så og seia frå garn til gane. Han skaffa seg difor partar i ei lang rad fartøy, var pioner når det galdt kvalfangst ved Island, dreiv sildeeksport til Østersjøen og etablerte eit omfattande kontaktnett mellom anna ved at tri av døtrene gifta seg med framståande skipsreiarar i Haugesund. Etterkomarane etter sonen hans blei buande i Føresvik og tok mellom anna initiativ til hermetikkfabrikken som starta opp kring 1910. Sjå elles under artikkelen om tettstader og handel. *(Bd. I, s. 463-465)*

### **På Nora Vågaholmen**

Nora Vågaholmen var det tredje viktige næringsområdet på 1800-talet. Frå 1607 laut alle innanfor ein radius av tri mil frå Stavanger la all handel gå via byen. Sidan Nora Vågaholmen låg nett nord for denne grensa, sto dei der meir fritt til å driva handel. Frå 1660 blei så Nora Vågaholmen ei viktig eksporthamn for laks og hummar, fyrst for nederlendarane og frå 1718 for engelskmennene. Normalt leverte kring 130 hummarfiskarar frå Bokn, austre del av Karmøy og tilgrensande strender i Tysvær og Nedstrand til Nora Vågaholmen og fyrst på 1800-talet var det skarp tevling mellom kjøpmenn i Stavanger og Bergen om kontroll med denne handelen. I 1830-åra kasta handelshuset Groom & Son i Stavanger augo sine på Nora Vågaholmen og kjøpte i 1839 heile holmen attåt eit par mindre skjær på søraust sida av bøndene på Sørå Våga.

Straks det var gjort, starta bygginga av landets truleg eldste hummarpark. Firmaet sette opp vaktbuer for å hindra svinn, og hamna nord på holmen blei bygd ut og det blei sett opp sju sjøhus. Sju kutterar gjekk i fast trafikk med hummar over til England. Attåt kom det eit prektig herskapshus med veg grusa av ballastsingel ned til hamna og attåt låve og paktarbustad. I huset budde representantar for Groom-familien medan paktarfamilien budde i eit hus for seg. På det meste budde det 25 personar på holmen, men ei rekkje husmenn i Våga hadde også inntekter av å levera tenester hit. I 1896 selde Groom holmen og flytta verksemda til Kvitsøy. Dei siste fastbuande forlèt holmen i 1901. *(Bd. I, s. 477-482)*





Eigar: Johannes Øvrebø

### I Gongstø

Av annan verksemd heldt det frå kring 1835 til 1914 til ein båtbyggjar i Gongstø. Han var særleg kjend for den spesielt sjøsterke boknabåten. Denne tradisjonen fekk framhald frå kring 1950 til 1980 i ein båtbyggjar i Olastø under Nerabø. Elles var det sist på 1800-talet syforretning i Gongstø.

### Steinbrot

Frå tid til annan var det òg dei som prøvde seg med steinbrot. Sist på 1800-talet låg det steinhoggarar i Borgenvik og hogg til gatestein til Haugesund. (Bd. I, s. 493) I 1948 var det eit par karar på Are som etter tilvising frå «Vistemannen» braut ei lita gullgruve, men utan å finna noko. (Bd. II, s.887) Også i Søra Våga var det eit lite steinbrot fyrst på 1900-talet der dei tok ut 300 kubikkmeter kleberstein. Det var mest svenskar som arbeidde her. (GÆ I, s. 249) Og Svein Kro drog i 1990-åra i gong eit større skiferbrot nord på Håklepp i Kro og som viste seg å vera meir levedugeleg enn dei andre steinbrota.

### Bank og forsikring

Når det brann, sto store verdiar på spel: Bygda trong eit forsikringsselskap. Etter initiativ frå Mons Larsen blei *Bukken Sogns private Brandforsikrings foreining* skipa i 1877. Det var i drift til i 1965 og fusjonerte då med Karmøy Branntrygdslag.

For å skaffa kapital til mykje av verksemda på 1800-talet, laut boknarane bruka bankar utanfor bygda. Ynskje om eigen bank blei stadig meir påtrengjande fyrst på 1900-talet, og etter fire sær gode sildeår frå 1908 til 1912, blei Bokn Sparebank etablert i 1913. Banken fekk eige bygg i 1954, i 1973 landets fyrste kvinnelege banksjef, Berta Våge og fusjonerte i 1985 med SR-bank 1. I 1987 flytta banken over til det nybygde Boknatun, men blei lagt ned i 2014. (Bd. II, s. 658-669)

### Straum og enkeltmannsføretak

For næringslivet var det eit vendepunkt då kommunen i 1955 som medeigar i Karmsund Kraftlag fekk elektrisk straum. Mykje småverksemd naut godt av dette. Mellom anna hadde bygda etter krigen fire tømmermannsfirmar. Størst var Bokn Bygg medan dei andre var mest for enkeltmannsføretak å rekna. Andre som laga sin eigen arbeidsplass, var Oskar Dirdal med snikkarverkstad, Svein Øvrebø med maskindelproduksjon og Bokn mekaniske verkstad drive av to mann som tok mot jordbruksmaskinar, bilar og båtmotorar til reparasjon.



## **Bokn Plast**

Ein hjørnesteinsbedrift blei Bokn Plast som i 1970 tok i bruk dei gamle hermetikklokala på Holmen. Dei laga septiktankar av glasfiber og polyester og erobra snart 2/3 av den norske marknaden. Utover i 1990-åra fekk «Plasten» store oppdrag for oljeindustrien noko som førte til utvidingar på 2000-talet. (Bd.II, s. 851-853)

## **Knarholmen**

I samband med opninga av fiskerihamna i Knarholmen, var det eit ynskje få etablert kvinnelege arbeidsplassar samstundes som ein ynskje å dra nytte av den veksande havbruksnæringa i bygda. Resultatet var etableringa av Bokn fiskemottak som var eit resultat av samarbeid mellom kommunen og næringa. Det kom i drift i 1987 etter kvart med 20 kvinnelege tilsette på deltid. Det viste seg å vera krevjande å få drifta til å gå rundt, og fiskemottaket blei avvikla i 2004. Eit anna firma som sidan etablerte seg i hamna, var Bokn Maritime Senter. Det dreiv serviceverksemd for mindre fartøy. (Bd. I, s. 922-923)

Med fastlandssambandet blei det enklare å pendla ut av kommunen. Samstundes førte dette til større konkurranse utanfrå for dei som ville etablere seg og også for verksemd som var frå før. Såleis var nedlegginga av butikkane på Austre Bokn og Alvestadkroken langt på veg eit resultat av bruene. Ei sak for seg var at fastlandssambandet nok styrka sentraliseringstrenden.

*Steinuset i Borgenvik, Hummarparken, steinbrota, Bygningen i Kro, Heradstun*

## **\*Kyrkjer, kyrkjegardar og kyrkjestader**

### **Stavkyrkja**

Det er mykje truleg at boknarane kjende til kristendommen alt kring 500 e.Kr, og kanskje endå tidlegare. Det eldste vitnemålet om kristen kontakt, er baksida av gullspenna frå Austre Bokn. Ho er frå 900-talet og baksida er vølt med botnen av eit liturgisk hengekar frå dei britiske øyane.

Den eldste kyrkja var ei nokså tradisjonell stavkyrkje med svålar og kyrkjeforhus. Ho var vindaugelaus, berre små gluggar slapp inn lys. Stavanger bispedøme blei skipa kring 1125, men den eldste boknakyrkja var venteleg eldre sidan døypefonten er frå kring 1100 og mellom dei eldste i landet. Truleg var det eit førkristent kultsenter på Boknaberg sidan kyrkja blei reist nett der.

Dei som oppretta kyrkja la frå starten til gardane Sæbø, Torland og halve Nerabø som inntekt for presten og med Sæbø som prestegard. Inntektene var meir enn det som trongst til drifta, og frå 1100 fram til reformasjonen i 1537 leira det seg av ganske store verdiar i kyrkja i form av relikvieskrin, røykelsekar, lysestakar og anna som høyrde til i ei katolsk kyrkje. Men ved reformasjon blei ho reinska for alt av verdi. Fyrst kring 1600 fekk ho på ny kyrkjeklokke.





Presten hadde i høgmellomalderen rundt 350 sokneborn, om lag som landsgjennomsnittet. Etter at Svartedauden reduserte folketalet til ein tredjedel, var det ikkje lenger råd å halda eigen prest, og Bokn sokn blei slege saman med dei tri sørlegaste sokna på Karmøy til eit nytt prestegjeld. (Bd. I, s. 123-126)

### **Tømmerkyrkja**

Boknarane var nokså nøye med vedlikehaldet. Dei fleste bygdene ikring skifta ut sine gamle kyrkje med nye kring midten av 1600-talet medan boknarane venta til sommaren 1686 før dei sette opp ei ny tømmerkyrkje på tuftene til den gamle. Med 250 sitjeplassar var ho den største kyrkja i prestegjeldet, men mangla både tårn og sakristi. Bronseklokka blei montert i ein støpul ved sida. Inventaret i den gamle kyrkja blei også overført til den nye. Innvendig blei ho måla med særst frodige framstillingar frå kristendomssoga. Generelt var boknarane ivrige på å stadig forbetra den nye kyrkja. Når sildefisket slo til, gav fiskarane gåver til kyrkja, mellom anna lysekroner som framleis heng der.

### **Kyrkjesalet**

I 1724 blei kyrkja lagt ut for sal, og boknaren Daniel Trosnavåg kjøpte henne. Framleis kring 1800 blei ho rekna som den største og best velhaldne av i prestegjeldet. Når det difor utover på 1800-talet var behov for ei større kyrkje, var det ikkje vedlikehaldet, men den kraftige voksteren i folketalet – meir enn dobling frå 1801 til 1845 - som gjorde det nødvendig. Samstundes blei det lagt opp til å slå Bokn og Tysvær sokn saman til eit nytt prestegjeld. Som prestegard blei det gamle presteenkesætet Sæbø blinka ut, men boknarane ville ikkje ha presten for nært innpå seg.

### **Linstowkyrkja**

Den nye kyrkja blei så reist i 1847 etter teikning av slottsarkitekt Linstow og med kyrkja på Nærbø som modell. Ole Larsen Kro sat i byggjekomiteen og skaffa tømmer frå Ringsaker.



*Foto: Marie Vågshaug*

Eigentleg skulle den nye kyrkja reisast på Slettabakka på Håland som låg midt i soknet, fortel segna. Tømmeret blei også frakta dit, men då dei skulle starta bygginga, var det tilbake på den gamle kyrkjetufta. Nokre heldt på at det var dei underjordiske, andre på at det var austreboknarane som sto bak. Så blei då kyrkja reist på den gamle tufta medan låven på Laupland mellombels fekk fungera som kyrkje. Når det galdt det gamle inventaret, blei det seld på auksjon og spreidd kring i bygda. Klesknaggane er i dag i Bokn Bygdemuseum, døypefonten på lager i samlinga hjå Haugalandsmuseet og kyrkjeklokka hamna på Bergen museum. Gjennom dei 150 åra som fylgde, blei det gjennomført stadige utbetringar og



forbetringar. Kyrkja fekk isolasjon, orgel, sakristi, altertavle, det blei slutt å på at nokre skulle ha faste benkar og det blei lagt inn elektrisk straum. (Bd.1, s.376-380)



Foto: Haugalandsmuseet

### Kyrkjegarden

Når det gjeld kyrkjegarden, er det den opphavlege. Der er framleis gravsteinar frå før den nye kyrkja. Og under den nye kyrkja sto framleis dei gamle kistene. Kyrkjegarden blei utvida i 1888, i 1949 blei det mura opp ein nye steingard som hindra sauene i å trenga inn. I åra som fylgde, blei kyrkjegarden utvida fleire gonger vest for vegen. (Bd. 1, s. 584-585)

*Diverse inventar, døypefonten, gravsteinar, kyrkjeklokka, kyrkjegarden, gammalt orgel*

## \*Offentleg verksemd

### Kommunal drift – administrativt og politisk.

I samband med innføring av formannskapslova, blei Bokn «soknekommune» i Skudenes formannskapsdistrikt. Dei andre soknekommunane var Falnes, Ferkingstad og Åkra. I dette nye, felles kommunestyret hadde Bokn tri representantar og ein i formannsskapet av 18 kommunestyrerepresentantar og seks formannskapsrepresentantar. Det fyrste valet fann stad på hausttinget for Bokn 28. oktober 1837 og berre bønder med matrikulert jord hadde røysterett. Dei var 62 i alt, åtte prosent av alle i Bokn. Torbjørn Nerabø blei den fyrste formannskapsrepresentanten for Bokn.

### Sjølvstende

Men eit vêrhard Karmsund tvinga titt boknarane til forfall frå kommunale møte. Ei sak for seg, var at Bokn og dei tri sørlegaste sokna på Karmøy høyrde til kvart sitt skipreide. Vidare auka folketalet i Bokn med ein tredjedel frå 1837 til 1850, alt faktorar som fekk boknarane frå 1843 til å starta lausrivingsprosessen.

Til dette kom at Tysvær og Bokn sokn frå 1848 blei lagt saman til eit nytt prestegjeld. Sentralt var det tanken at dei to sokna også skulle bli ein ny kommune saman – noko boknarane var svært kritiske til. Difor skunda dei seg å velja tolv kommunestyrerepresentantar som sitt eige kommunestyret. Den 18. mars 1850 samlast desse kommunestyrerepresentantane i tristovehuset i Vigjå og valde eigen ordførar, varaordførar og formannsskap. Fyrste ordføraren blei Lars Loden. I 1851 hadde rett nok kommunestyra i Bokn og Tysvær tri felles møte, men den samrøystes konklusjonen var at dei ikkje høyrde saman som kommune. Sjølv om dei heldt fram som to separate kommunar, møttes likevel dei to kommunestyra frå tid til annan for å drøfta felles saker.



Av underutval fekk Bokn eige forliksråd, overformynderi, overligningsnemnd, likningsnemnd, innkrevjingsnemnd for skatt, skabbsjukenemnd, skulekommisjon, fattigkommisjon, sunnheitskommisjon og dessutan eigne prosjektutval når noko skulle gjerast.

### **Kommuneadministrasjon på dugnad**

Til utgangen av mellomkrigstida blei kommunen stort sett driven på dugnad. Og fram til 1860 var det eit vilkår at ordføraren var skrivefør noko dei andre valde sjeldan var. Han kunne då ta seg av det meste av protokollføringane. Berre kommunekasseraren hadde ein liten brøkstilling: Ei månadsløn årleg. Dessutan førte han korrespondansen for fattigkommisjonen for ei vekeløn. Framleis i 1939 utgjorde kostnadane til den kommunale sentraladministrasjonen berre to promille av heile bruttorekneskapen.

Dei største kostnadane før krigen gjekk til skulestellet med tredjeparten av kommunebudsjettet. Vidare fall kring ein tiandepart kvar til fattigstell, kyrkje, preste- og kyrkjetenarløn, vegar, gjeld, kommunekasserarløn og til lensmann/jordmor/telefon/forsikringar. (Bd.I, f. 549)

Framleis etter krigen gjorde kommuneadministrasjonen lite av seg og fekk frå 1953 greitt rom i Heradstun, det nye bankbygget som ikkje var stort større enn eit husbankhus.



*Eigar: Marie Dirdal*

Medan kommuneadministrasjonen i 1946 var oppe i ti prosent av eit kommunebudsjett på rundt kr. 700.000, runda det i 2010 fjerdeparten av 50 millionar kroner. (Bd. II, s. 1126-1128)

### **Fagfolka kjem**

Med aukande spesialisering og meir komplekse og utfordrande oppgåver, kom politikarane til kort og laut trekkja inn fagfolk. Medan heile administrasjonen fram til kring 1960 berre omfatta ein kommunekasserar, likningssjef og trygdesjef, blei det i 1969 tilsett ein kommuneingeniør, i 1971 ein formannskapssekretær, i 1976 den fyrste kontorassistenten ved formannskapskontoret, i 1977 den fyrste sosialsjefen og ved dei same tider den fyrste kontorsjefen. Denne stillinga blei elles frå 1983 endr til rådmann og stillinga som kommuneingeniør til teknisk sjef. Auken i administrasjon førte til at det gamle kommunebygget blei sprengt, og ein laut leiga kontor kring i bygda. Løysinga på romutfordringane, kom med Boknatun i 1987.

### **Skulestell**

Allmugeskulen blei oppretta i Bokn frå 1739 som omgangsskule. Lærarane var bonde- eller husmannssøner som i snitt virka tri – fire år. Når dei gifta seg, var det ikkje råd å leva av lærarløna. Ei anna årsak til gjennomtrekken, var at lærargjeringa var ein måte å unngå militæret. Borna lærte å lesa, men sjeldan å skriva. Eit stort framsteg var det i 1850 då



kommunen tilsette ein fast, utdanna lærar. Med det lærte borna også å skriva og å rekna. Frå 1859 fekk læraren også ei lærarjord å leva av.

Bokn var frå starten delt i to roder. Om hausten skulde læraren på Ogn, Austre Bokn og i Kyrkjebygda, om våren i resten av Vestre Bokn. Det vanlege var at borna fekk 20 – 30 dagar effektiv skule årleg. Kring 1900 var det tri lærarar i kommunen, ein på Austre Bokn og to på Vestre Bokn.

Skulelova av 1860 la trykk på å koma bort frå omgangsskulen, og i 1867 blei den fyrste faste skulen reist i Kleivå. Kring 1870 blei det òg leigd ei fast skulestove i Trosnavåg. Få år etter kom det skule på Boknaberg, men han blei i 1890-åra flytta til Torland som låg meir midt i skuledistriktet. I løpet av ti-året kom det òg faste skular på Austre Bokn og Hognaland. For dei som ynskte meir utdanning, blei framhaldsskulen innført i 1892. Frå ungdomshuset på Håland sto ferdig i 1908, blei det nytta både som skule og formannskapslokale. Knytt til skule og utdanning, oppretta kommunen i 1879 eit folkebibliotek med tilhald her.

### Nye skular

Det blei snart klart at skulehusa frå 1800-talet blei for små og spartanske. I 1918 blei det difor på eit krinsmøte kravd at det måtte reisast ein ny skule i Kyrkjebygda. Men den djupe krisa som starta frå 1921, sette ein stoppar for initiativet. Fyrst i 1936 kunne kommunestyret vedta ein plan om nye skulebygg i alle dei tri krinsane. Men eit krav om å flytta skulen frå Torland til Boknaberg, møtte så stor motbør at dette ikkje blei realisert før i 1951. I staden kom det alt i 1939 eit nytt skulebygg på Austre Bokn medan det gamle bygget blei flytta til Alvestadkroken. Meininga var at dei to andre krinsane skulle få sine skular i 1942 noko krigen sette ein stoppar for.

I 1948 kom det òg eit initiativ i Hognaland skulekrins om nytt skulebygg der. Men nå var det endeleg fleirtal for å flytta Kyrkjebygda skule til Boknaberg noko som gjorde at det nye bygget på Hognaland blei utsett til i 1954. Her blei det òg innreidd folkebad. Det gamle skulebygget blei flytta til Jøsen som sjøhus medan Torland skule blei flytta til Alvestad. *(Bd. II, s. 740)*

Kyrkjebygda skule var det fyrste arkitektteikna bygget i kommunen, teikna av arkitekt Ludvig Imsland i Stavanger. Avisene meinte Bokn nå hadde skulehus tusenåret til endes. Men berre seks år etter Hognaland skule sto klar, stilte planane om ungdomsskule krav om ein ny type bygg. Denne utvidinga av grunnskulen skulle gjennomførast nasjonalt i løpet av 1960-åra, og spørsmålet var om det i Bokn var grunnlag for ein slik skule. For ikkje å risikera å måtta senda elvane or bygda, starta planlegginga av ein sentralskule med landskapsløysing i Føresvik felles for både barne- og ungdomstrinn. Han sto klar til bruk i 1973 og kom til å dekkja behovet sidan eit halvt hundre år. Gjennom mykje dugnadsinnsats blei det og sist i 1970-åra opparbeidd ein idrettsbane ved skulen. *(Bd. II, s. 755)*

I samband med at skulen flytta til Føresvik, fekk den gamle skulen nye funksjonar. Ei tid blei det også bruka som bedehus og her kom ungdomsklubbløkalene og vevstove. Dessutan blei han nytta til barnehage fram til det i 2000 kom ny ved skulen i Føresvik. Skulen på Hognaland blei fyrst bruksendra til tekstilfabrikk, sidan til base for Bokn Bygg.

### Helsestell

Før 1800-talet festa boknarane mest lit til kloke koner som fekk som eit levebrød ved å hjelpa folk med urter og formularar. Men det var risikabel gjerning, på 1600-talet blei to



kvinner i Bokn avretta for hekseri. Elles har til alle tider hjelpekoner trødd til ved fødsjar. Eigne utdanna jordmødrer fekk bygda fyrst frå 1860-åra.

Det fyrste organiserte helsetiltaket var elles systematisk koppevaksinering frå 1801, berre fem år etter at metoden blei utvikla i England. Det neste organiserte helsetiltaket, var arbeidet mot skabbsjuke hjå sau i 1840-åra.

Eit anna helsetiltak, var retta mot eldre som ikkje hadde folge eller anna livsgrunnlag. I fyrste omgang, frå 1860-åra, fekk opp til tri fattige gamle rom i «Pyttehuset» i Alvestadkroken. Men kvaliteten og kapasiteten var ring, og frå 1914 starta arbeidet med å få etablert ein gamleheim i bygda. Det sto så klart til bruk i 1929 med kapasitet til ni pensjonærar. (*Bd. II, s. 629-632*) Gamleheimen var sidan i drift til i 1963 då det ikkje lenger stetta moderne krav. I staden leigde Bokn rom for sine gamle ved Kopervik aldersheim. Dette blei nytta fram til sjukeheimen i det nye kombibygget blei teke i bruk frå 1987. Sidan blei sjukeheimen utvida med ekstra fløyar og det blei bygd trygdebustadar i tilknytning til han. (*Bd. II, s. 1008-1010*)

Helsestell var frå starten i 1936 ei av hovudoppgåvene til Bokn husmorlag. Det hadde to målsetjingar, å få tilsett ei helsesyster i kommunen og å etablere fri tannrøkt og legeordning for skuleborna. I 1939 kom tannlege- og legeordninga i gang og våren 1941 blei den fyrste helsesystera tilsett. (*Bd. II, s. 1079-1084*) Då den nye skulen kom i 1973, blei det her innreidd helsesenter med lege- og tannlegekontor. Det flytta til Boknatun då bygningen der blei teken i bruk i 1987.

### **Fattigvesen og sosialomsorg**

Heilt sidan mellomalderen skulle fjerdeparten av tienda gå til dei fattige, resten til kyrkja. Men noka organisert fattigomsorg i Bokn kom ikkje i gang før med presten Truls Krog i 1784. Ein måte å ta seg av dei fattige, var å setja dei på legd på omgang kring på gardane. Elles blei det oppretta ein fattigkommisjon med presten som formann og med eigen fattigkasse. Elles hadde seks av dei sju fattige i Bokn sist på 1700-talet løyve til å gå kring og tigga. (*Bd. I, 328-330*)

Midt på 1800-talet var det normalt kring 16 fattige på legd og som attåt fekk litt kontantstønad frå fattigkassen. Då blei det òg meir vanleg å setja ut fattige på lisitasjon – mot betaling. Etter samanbrotet i sildefisket i 1871, hamna 42 personar, 5% av boknarane, på fattigkassen. Ved dei tider gjekk opp mot 40% av kommunebudsjettet til fattighjelp. I mellomkrigstida var hovudprosjektet for fattigkommisjonen bygging og drift av gamleheimen. (*Bd. II, s. 620-624*) Fattigkommisjonen blei avvikla i 1963 og erstatta med sosialstyre og den fyrste sosialsjefen blei tilsett i 1977. (*Bd. II, 898*)

### **Teknisk sektor, vassverk, brannvesen**

For Bokn var teknisk sektor eit etterkrigsfenomen. Når det tidlegare skulle reisast bygg, strekkjast vegar eller anna teknisk, blei det sett ned spesialutval og leigd inn kompetanse til å gjennomføra prosjektet. Ei viktig oppgåve i denne perioden, var mellom anna å utvikla generalplan for heile kommunen. Dette var ei oppgåve som blei pålagde kommunane ved Bygningslova av 18.juni 1965 og sette krav til at ein rådde over kvalifiserte fagfolk. Den fyrste kommuneingeniøren som blei tilsett, var Hans Faye i 1969. Dessutan fekk han med seg Arne Ognøy som vaktmeister for dei kommunale installasjonane. Som politisk utval hadde han teknisk hovudutval. Planarbeidet munna ut i generalplanen for Bokn i 1977 og la føringar for utviklinga fram mot tusenårsskiftet. Frå starten var det elles ei hovudoppgåve å få på plass



eit kommunalt vassverk som kom i 1973, same året som den kombinerte skulen, helsesenteret og kulturhuset kom på plass. (Bd. II, s.897-904 og 1011-1014)

Vidare blei det organisert eit friviljug brannvesen – eit på Austre Bokn og eit på Vestre Bokn – som begge kom i drift sist i 1970-åra. Brannstasjon blei reist på dugnad og brannbil kom på plass sist i 1980-åra. Frå sist i 1970-åra blei det lagt til rette for byggefelt i Føresvik, på Fyren, langs hamnavegen og sør for Øyren på Austre Bokn og innført kommunal renovasjon. I gjennomsnitt blei det i tida som fylgde årleg reist fire-fem hus her. I perioden 1969 til 1979 gav gratis tomter til sjøfolk sju nye familiar til kommunen. Kombibygget blei innvigd i 1987.

Ei viktig og omfattande oppgåve i 1980-åra var frå kommunens side å leggja til rettes fyrst for hamneutbygging ved Knarholmen 1984 – 1986, for europaveg og fastlandssamband som blei opna i 1991 og for Europipe. Andre store oppgåver sist på 1980- og 1990-åra fylgde utviklinga av sjøbruksnæringa.

I samband med utbygginga av Kårstø i fyrste halvpart av 1980-åra melde det seg ei rad nye utfordringar, mellom anna å sjå på ei eventuell tilrettelegging for industri i Makrellvika på austsida av Austre Bokn og på Ognøy. Dessutan var tilrettelegginga for Europipe til 310 millionar kroner over Bokn og som sto ferdig i januar 1999 eit stort løft. Ei sak for seg, var sikring av skipstrafikken til Kårstø med betongsøyle med lanterne på Arsgrunnen, radar i Våga på Austre Bokn og lykter på Austre Vågaholmflua og Flatrova ved innseglinga til Kårstø. (Bd. II, s. 951-954)

### **Politiske parti, politikarar**

Sjølv om Bokn hadde venstreforeining alt i 1885, blei det ei nokså kortlevd affære. For det meste var politikken prega av tautrekking mellom dei ulike delane av kommunen: Alvestadkroken mot Føresvik, Kyrkjebygda mot resten, medan områda på Vestre Bokn utanom Kyrkjebygda og Austre Bokn virka for sine interesser, til dømes skulebygg og vegar.

Fram til 1. verdskrig sto likevel Venstre sterkt i bygda. Men då Bondepartiet blei stifta i 1920, blei det det partiet som vann tilslutning – heile 59% ved valet i 1921. Ei årsak til dette, var at ein framstående personlegdom som Elisæus Vatnaland var sentral i partiet. Men med kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Bondepartiet blei partiet redusert frå 48 til 22%. Dette medan Arbeidarpartiet vann 4% av røystene mot Høgre som fekk mest helvta av røystene ved Stortingsvalet i 1936. Ved kommunestyrevala var det framleis bygdelistene som galdt. (Bd. II, s. 989-992)

Den fyrste ordføraren etter krigen, blei arbeidarpartimannen Monrad Alvestad trass i at partiet berre fekk snautt seks prosent av røystene. Partiet som nå vaks fram, var Kr.F. som ved stortingsvalet i 1957 nådde 42% av røystene.

Sidan 1971 var det Arbeidarpartiet, Høgre, Kr.F og Senterpartiet som var representerte i kommunestyret. Den tradisjonelle fordelinga, var at Høgre og Arbeidarpartiet fekk fire representantar kvar, Senterpartiet sju og Kr.F. to - med litt variasjon. Konstellasjonane var vidare at Arbeidarpartiet støtta Senterpartiet slik at partiet fekk ordføraren og Arbeidarpartiet varaordføraren. Men det skjedde òg i 1980-åra at Høgre og Kr.F. fleirtalet og kapra ordførar og varaordførar. Og ved det fyrste direktevalet av ordførar i 1999 var det Høgre ved Svein Ove Alvestad som fekk ordføraren.

Denne fordeling blei broten etter debatten kring kommunefusjon med Tysvær i 2006, der Arbeidarpartiet var den mest profilerte motstandaren og Høgre like stor tilhengar. Det førte



til at Arbeidarpartiet dobla tilslutninga medan Høgre blei halvert. Arbeidarpartiet fekk då – med støtte frå Senterpartiet - ordføraren og Senterpartiet varaordføraren. Ved valet i 2011 fekk ein for fyrste gong ein konstallasjonen med Arbeidarparti og Høgre som ga det fyrste partiet ordførar og det andre varaordførar. Ved valet i 2015 fekk Senterpartiet ordføraren og Høgre varaordføraren – dei gamle konstallasjonane var brotne. (Bd. II, s.1019-1021)

*Ungdomshuset på Håland, Heradstun (gamlebanken) og Boknatun*

## **\*Organisasjonsliv og forsamlingshus**

### **Misjonsforeiningane**

I hovudsak fall foreiningsverksemda i fire hovudgrupper: For born og unge, kvinneforeiningar, misjonsforeiningar og andre reint kristelege foreiningar og meir faglege organisasjonar som bonde- og fiskarlag.

Dei fyrste friviljuge organisasjonane dukka opp i fyrste halvta av 1800-talet. Fyrst ute var kvekarane som frå 1829 etablerte seg som eit miljø i Bokn. Drivkrafta var ikkje minst lærar Mathias Grønnestad som konverterte i 1829. Fleire slutta seg til både på Vestre- og Austre Bokn til prestens store bekymring. Men sekta møtte mykje motbør og ebba ut i løpet av 1800-talet. På den andre sida fekk ikkje haugianarane noko fotfeste her. Bortsett frå Lars Olsen Kro vann ikkje denne retninga tilslutning.

Austre Bokn kvinneforeining starta i 1850 og få år etter kom det tilsvarande foreiningar i dei to andre krinsane. Kring 1870 høyrer me om seks kvinneforeiningar for NMS. Møta gjekk på omgang mellom medlemmane. Sist i 1870-åra vann Oftedal-rørsla brei tilslutning i Bokn, og i 1879 blei det oppretta ein indremisjonsforeining. Boknarane var generelt kyrkjevenleg, og dei kyrkjekritiske delane av lekmanrørsla som «kinamisjonen» - sidan NLM – fekk aldri skikkeleg fotfeste her. Mest alle misjonsforeiningane var tilslutta NMS. Det var ei heil rad kvinneforeiningar innan NMS og i 1920 var det tri indremisjonsforeiningar: Ein i kvar skulekrins. Dessutan kom det kvinneforeiningar tilslutta Indre og Ytre Sjømannsmisjon. (Bd. II, s. 1025-1033)

### **Bedehus**

I 1903 drog også læraren Torbjørn Elleflåt i gang Bokn kristelege ungdomsforeining. Fråhaldsrørsla vann òg tilslutning. Mellom anna starta to lærarar godtemplarlosjen Heimfred som i 1909 i lag med ungdomsforeininga tok initiativet til å reisa ungdomshuset på Håland. Det fungerte sidan nærast som eit kulturhus med både kommunale møte, basarar, juletreffar og soknerådsmøte. (Bd. I, s. 1049-1054)

Etter kvart kom det òg opp bedehus for ein stor del finansiert av eit framifrå sildefiske. Både det på Hognaland og på Austre Bokn blei vigsla i 1920. Begge bedehusa blei lagde ned i samband brusambandet og at Austre Bokn skule tok over som bedehus for heile kommunen. Bedehuset på Austre Bokn blei så overteke av speidarane og det på Hognaland i 2003 av Bokn Røde Kors.

I etterkrigstida fekk misjonsforeiningane konkurranse frå mange andre møteplassar også for kvinner, og utover i 1970-åra førte naturleg fråfall til at oppslutninga minka. I 2002 blei den



eldste foreininga, den på Austre Bokn, lagt ned. I 2020 var det berre ein foreining att, den i Kyrkjebygda. Også sjømannsforeiningane ebba det ut med ved tusenårsskiftet.

Kvar krins organiserte frå 1934 søndagsskular der mest alle born mellom fire og 14 møtte. Med bruer og betre kommunikasjon blei søndagsskulane sentraliserte til Kyrkjebygda. I mellomkrigstida og under krigen lyste også Bokn songlag leia av lærar Knutsen tilværet til boknarane. *(Bd. I, s.1024 – 1036)*

### **Ungdomslag**

Både det kristelege ungdomslaget og fråhaldslosjen «Heimfred» heldt det gåande ei tid etter krigen. Fråhaldslosjen dreiv eit ganske vidt opplysningsarbeid og ga mellom anna ut lagsavisa «Lyngblomsten». «Heimfred» hadde sitt siste møte i 1955, om lag samstundes med at den kristelege ungdomsforeininga blei avvikla.

For ein del blei dei utkonkurrerte av Bokn ungdomslag som starta opp i 1953. Dette laget var verdsleg og frilyndt og møtte noko motbør sidan det arrangerte ungdomsfestar med dans. Dei tok aktivt del i 17.maiarrangementa og la også til rette for ein danseplattung på Alvestad. Det ebba noko ut med dette laget kring 1970. I staden dukka det opp ungdomsklubbar, seinast Petra som kommunen tok initiativ til og som fekk lokale i Kyrkjebygd skule.

Eit tiltak blant born og unge som fekk stor tilslutning, var initiativet til Leiv Våga då han i 1989 drog i gang eit eige speidarlag for Bokn. Mykje av avskalinga frå søndagsskulane og yngresforeininga hamna i speidaren. Fram mot 2010 vaks foreininga til 140 medlemmar og var med det største speidarlaget i Haugaland krets.

### **Husmorlag og Saniteten**

I mellomkrigstida fekk også Bokn nokre verdslege kvinneforeiningar. Såleis starta Bokn husmorlag opp i 1936. Dei dreiv med kursing av ulike slag: Mellom anna sykurs og bakekurs for jentene, skomakar- og sløydkurs for gutane og barneoppdraging for kvinnene. Dessutan virka foreininga aktivt for betre helsevern i kommunen og tok i 1947 initiativ til den fyrste skikkelege 17.mai-feiringa i bygda. Men etter kvart svikta oppslutninga også her, og i 1965 blei drifta lagt ned.

Husmorlaget drog også i 1937 i gang Bokn Sanitetsforeining. Som det ligg i namnet, virka denne foreininga systematisk for betre helsevern og dreiv også aktivt omsorgsarbeid. Trenden var at Saniteten drog i gang ulike helse- og omsorgstiltak som kommunen sidan tok over. *(Bd. II, s. 1079 – 1102)*

### **Foreiningsmangfald**

Frå midten av 1990-åra vaks det òg fram eit hestemiljø knytt dels til Ognøy, Kro og Torland. Dei organiserte seg så i «BORK», Bokn ride- og køyreklubb. Bokn Røde Kors starta opp i 1989 og fekk eit halvt hundre medlemmar. Laget dreiv med kurs og generelt humanitært arbeid. Vidare fekk Bokn frå 1986 eit særskilt aktivt musikkmiljø med 23-åringen Jardar Havikbotn. Under han vaks musikkskulen fram til å bli størst i landet – rekna etter folketalet. Kring 2000 dabba aktiviteten noko av, men blømde opp att frå 2009 med Anne Tove Øvrebø som musikkskulerektor. *(Bd. II. S.1105-1114)*





Bokn var seint ute med å skipa idrettslag, men i 1972 kom dei i gang. Det hjelpte då godt på at Bokn fekk eit eige idrettsanlegg i samband med den nye skulen i 1973. Tiltaket var ein suksess, og i 1990-åra hadde laget 176 medlemmar, dei fleste born under 17 år. Med kommunal støtte fekk dei i 2003 reist eige klubbhus. Idrettslaget dreiv breitt med både fotball, friidrett, turmarsjar, volleyball og dans.

Av andre lag og foreininga kan nemnast Bokn pensjonistforeining som starta opp i 1980, Bokn Bygdemuseum i 1978, Bokn vevstove i 1977, Bokn hagelag i 1984, Bokn båtklubb i 1980, Bokn historielag i 2003 og Bokn mållag om lag ved dei same tider. Av andre foreiningar frå sist på 1900-talet og fyrst på 2000-talet fanst Bokn Brass, Bokn skyttarlag og Bokn MC-klubb. (Bd. II, s. 1114 – 1120))

## **\*Krigen**

### **M/S Dresden**

Ein blank sommarkveld 20.juni 1934 blei boknarar sør på Jøsen var eit stort cruiseskip koma sigande gjennom disen. Det sokk stadig djupare med baugen etter å ha skrapa nedi Arsgrunnen, og kursen sto for Hestvik ved Blikshavn der det gjekk beint på land. Det var M/S Dresden, eit av skipa Hitler nytta i prosjektet «Kraft durch Freude» der vanlege arbeidarar fekk eit cruise langs Norskekysten. Sidan såg boknarane ei mengd av desse fartøya fara framom lasta med arbeidarar – og folk med ei spesiell interesserte for hamner og forsvarsanlegg langs kysten. I april same året var jamvel Hitler sjølv framom Bokn. (Bd.II, s.759)

### **Forsyningsnemnd og evakueringsnemnd**

I 1939 var det tydeleg at det gjekk mot krig og 30. august, to dagar før krigsutbrotet, sette kommunen ned ei forsyningsnemnd dels for å sikra at bygda fekk det ho trong, dels for å organisera fordeling av varene og dels for å sjå til at eit overskot kunne gå til byane. I november same hausten blei det og oppretta ei evakueringsnemnd som skulle leggja til rettes for eventuelle flyktingar frå byane.

Samstundes med dette, var det hjå det norske militære framme tankar om å leggja eit kystsperrfort til Loden for å hindra fiendtlege fartøy i å koma inn Boknafjorden. Mediedebatten om dette uroa boknarane, og også tyskarane gjorde seg kjende med desse tankane. Noko anna ein la merke til, var at det i samband med nøytralitetsvernet var auka flyaktivitet ved Sola flyplass. (Bd.II, s. 767-779)

### **Isolert**

Om kvelden 8. april sløkte fyra på Geitungen, Fjøløy og Kvitsøy – eit varsel om at noko var i gjerde. Neste morgon var landet i ferd med å okkuperast. Same dagen hadde forsyningsnemnda møte og innførte rasjonering på mjøl. I vekene som fylgde var det hektisk kommunal møteaktivitet for å løysa utfordringar som fylgje isolasjonen den fyrste månaden etter invasjonen. Den 16. april innførte formannskapet og forsyningsnemnda ei omfattande rasjoneringsordning og maksimumsprisar på havrekorn og poteter. I mai oppretta kommunen attåt eit eige kriseutval.



Forsyningsnemnda var heile krigen eit kommunalt nøkkelorgan både ved å syta for nødvendige varer til bygda og tvangsleveringar til okkupasjonsmakta. Det sto også for ei omlegging av jordbruket frå fedrift til åkerbruk. Gamle kvernar blei tekne i bruk att både til å mala korn og til å lada opp batteri. (Bd.II, s. 767-779)

### **NS og motstandsarbeid**

Før krigen hadde ikkje Bokn medlemmar i Nasjonal Samling og berre fire røysta på partiet ved det siste valet før krigen. Når folk gjekk over til partiet under krigen, botna det ikkje i ideologisk overtyding, men heller for å få fremja lokale saker som opptok dei. Det gamle kommunestyret fortsette til i april 1942 då det blei erstatta av eit heradssting. Med unnatak av ordføraren som var innsett av fylkesmannen, var ingen andre av representantane tilhengarar av NS. Ved dei tider blei også soknepresten, Olav Værnes, sagt opp, men kyrkjelyden sytte framleis for å løna han. (Bd.II, s.792-796)

Dei fyrste tyske soldatane steig i land i Bokn hausten 1940 og dreiv synfaring kring i kommunen. I mai 1941 kom dei så med kanonar og anna utstyr og etablerte seg fyrst kring bruk 1 på Loden. Dei bygde ei stor brygge og starta straks utbygginga av festninga i Loden. Samstundes starta forlenginga av veggen frå skiftet med Jøsen og fram til festninga, for det meste med lokale mannskap. Festninga blei dels bygd ut ved hjelp av 50 polske krigsfangar, dels av eit par hundre arbeidarar frå Karmøy. Etter kvart blei det stasjonert rundt hundre soldatar på festninga.

### **Sjøfrontbatteriet**

Festninga var eit såkalla sjøfrontbatteri med fire kanonar som kvar skaut kring 16 kilometer. Det vil seia at dei rokk til Fjøløy, til Kvitsøy og over Karmsundet. Vidare var her to luftvernkanonar, to lyskastarar, to kanonar til sekundærskyts og nærforsvar, ein bombekastar og ti mitraljøser og maskingeværstillingar. Det blei lagt eit internt telefonnett med 22 telefonar og med telefonkabel over til Skudenes. Vidare var her 22 brakker med sengeplass for 150 mann, fire opne kanonstillingar, kommandobunker og femten andre bunkersar. Ved innkøyrsla til leiren var det ein flammekastar. Festninga fekk elektrisk straum frå eige aggregat. Attåt festninga var det stasjonert to vaktbåtar i Øvrabøvågen, men det kom ikkje til krigshandlingar her. Eit år etter krigen blei brakkene selde på auksjon og materiala fordelte etter behov over heile kommunen. (Bd.II, s. 796-806)

### **Episodar**

Elles var det to hendingar knytt til krigen. Det eine var nokre britiske sabotørar som i april/mai 1943 låg gøymde i eit landgangsfartøy ved Bussholmane halvannen kilometer søraust for festninga. Med hjelp frå boknarane blei dei evakuerte via Ognøy til Tysvær, men blei tekne og hamna i tysk fangeleir der dei blei skotne heilt sist i krigen.(Bd.II, s. 806-815)

Straks etter krigen var det òg ei hending der to grupper heimefrontsfolk ei veke etter frigjeringa ved ei misforståing kom til å skyta på kvarandre. I samband med dette blei ein drepen og ein hardt såra. (Bd. II, s. 822-824)

*Festninga på Loden, brakker i Føresvik, bygningar elles reist av brakkematerial*



## \*Kulturhistoriske miljø

**Sjøhusmiljøet i Alvestadkroken, sjå under:**

Kapittel «Tettstader og handel», avsnitt «I Krogjen».

**Nore Vågaholmen, sjå under:**

Kapittel «Næringsliv og industri», avsnitt «På Nora Vågaholmen»

**Miljøet kring «Bygningen i Kro», sjå under:**

Kapittel «Næringsliv og industri», avsnitt «I Kro»



Foto: Kyrre Lindanger

## \*Immaterielle kulturminne

Immateriell kulturarv er levande tradisjon og tradisjonell kunnskap som blir overført mellom folk. Kunnskapen blir praktisert i dag og ført vidare gjennom kreative uttrykksmåtar og munnlege forteljingar og språket sjølv. Dette gjer mellom anna innsyn i koss folk opp gjennom tidene har tenkt og utvikla seg i takt med det materielle. Minst like viktig som det er å ta vare på dei materielle kulturminna, er det å sikra dei immaterielle kulturminna for ettertid. Dei er sårbare og flyktige og må fangast før dei forsvinn. Berre gjennom dei kan me møte boknarane si tankeverd gjennom tidene, utan dei vil dei materielle kulturminna mista mykje av sin verdi.

### Dialekten

Språket er kjernen i kulturen vår og gjer oss til folk. Talemålet representerer mangfald, eigenart og identitet. Det er difor viktig å kartleggja boknamålet slik at me kan ha eit reflektert forhold til kva det representerer og kva verdi det har. Boknamålet skil seg frå nabobygdene sine målføre samstundes som det også innan kommunen er skilnadar. Gjennom kring 60 intervju er det samla om lag 150 timar målprøvar av folk fødte mellom 1885 til 1940. Dette er materiale som vil bli supplert med intervju av yngre folk brukt som grunnlag for å kunna gje ein analyse av talemålet på øyane.

I regionssamanheng har historielaga, mållaga og professor i nordisk språkvitskap, Jan Kristian Hognestad ved Universitetet i Stavanger, drege i gang eit kartleggingsprosjekt av haugalandsdialektane i tid og rom. I dette prosjektet blir både Bokn historielag og Bokn mållag representerte og talemålet i Bokn kartlagt.



## Stadnamn

I 1980-åra gjennomførte professor Inge Særheim i regi av Rogaland fylkeskommune ei systematisk registrering av stadnamn i Rogaland. Denne registreringen blei også gjennomført i Bokn og resulterte i 3300 stadnamn. Også denne skatten av stadnamn er ein sentral del av kulturhistoria mellom anna ved at kvart namn representerer ei lita forteljing om fortida til kvar bit av bygda. Til dømes vitnar namn som Bussholmen og Knarholmen om mellomalderse fartøytypar, Skodahavn om kontakt med skottar, Munkhavn der munkane frå Halsnøy kloster lende når dei skulle henta landskyld, hedningemyrå om misjonsverksemd sist på 1800-talet og Øvrabø og Nerabø om ei kanskje eit par tusen år gammal gardsdeling. Me har fleire stader som heiter Øygaard som fortel avfolking truleg i samband med Svartedauden og etterfylgjande pestar, berre for å trekkja fram nokre døme. (*Frøiland, Magni mfl.: Stadnamn frå Are på Vestre Bokn, Høgskolen i Stavanger 1995*)

## Folketradisjon

Bokn har ei mengd folketradisjon for det meste samla sist på 1800- og fyrst på 1900-talet og ofte med referansar til bestemte stader i kommunen. Ved å ta vare på dette, sikrar me kunnskap om det indre universet til folk i tidlegare generasjonar. Noko dreier seg om folketru, anna om kva folk dels trudde på, dels fortalte for å mora seg. I Ormahåla drakk sjøormen vatn, Risegrebe er merke etter risen frå Reianes, på Boknaberg laut bonden ned i hallen til haugkallen, frå Ubursvarden remja uburen, på Dagsland opplevde dei «ekta» halsbrann, to karar frå Grønnestad såg dødsseglaeren, kobbe på Ingjidl ved Våga varsla om feige folk på garden, risen på Boknafjellet og ville stiga over Karmsundet, men sette seg i Riserauene på Lauvøy og på Gunnarstad feira huldrefolket jul. Dette er berre nokre stikkord som viser boknakultur før fjernsynet. *Det meste av folketradisjonen er samla av Torkel Mauland og Elisæus Vatnaland. Elles finst det ei rekkje naturformasjonar knytt til desse segnene, som Risegrebe, Riserauene, Ormahåla, Uburshidlaren, Likvik og Ubursvarden.*



## Verdisetjing og verdivekting

I arbeidet med prioritering av dei ulike kulturminna, er det lagt til grunn dei verdsettingskriterie som går fram av Riksantikvaren si rettleiing :

- Kva verdiar kan vi tilskrive kulturminnet
- Kva andre eigenskapar kan kjenneteikne kulturminnet
- Kva kjenneteiknar kulturminnet samanlikna med andre kulturminne

I rettleiinga operert med tre kategoriar verdiar vi kan knytte til kulturminnet:

- Kva kunnskapar kan kulturminnet gi oss
- Kva opplevingar kan kulturminnet gi oss
- Kva kan vi nytte kulturminnet til

Med omsyn til kva eigenskapar som kan bidra til å kjenneteikne kulturminnet, operer vegleiinga med fylgjande ideliste:

- Alder, tidsdjup og kontinuitet
- Autensitet og opprinneligheit
- Mangfald og variasjon
- Dynamikk og endring
- Brot og kontrast
- Lesbarheit og tydelegheit
- Egnetheit
- Anvendbarhet
- Sårbarheit og tålegrenser
- Interaksjon natur-kultur

Når det gjeld kva som kjenneteiknar kulturminnet samanlikna med andre kulturminne, er omgrepa sjeldsyn og representativitet sentrale etter rettleiinga:

- Er kulturminnet sjeldsynt av opphav, eller er det blitt sjeldsynt som resultat av historia si tilfeldige eller planmessige utveljing?
- Er kulturminnet representativt for noko som var vanleg i fortid eller som er vanleg i nåtid?



## Planframlegget

Med utgangspunkt i dei verdsettingskriteria som går fram av Riksantikvaren si rettleiing, er fylgjande faste kulturminne vurdert som viktige med omsyn til å fortelje Bokn si kultursoge:

### 1. *Gammal hummarpark med murar etter oppsynsbu, Nordre Vågaholmen*

*Heilt sidan 1660 var det vore hummareksport, fyrst til Nederland, sidan til England frå Nordre Vågaholmen. På 1700-talet var holmen den eine av dei fem viktigaste hummareksporthamnene i fylket. I 1830-åra blei også truleg den fyrste hummarparken i landet lagt her. (Foto: Hans Foye)*



### 2. *Stem for fiskarflåten Drevsund*

*Dette ferskvassanlegget blei bygd i 1931 for å sikra vassforsyninga til sildeflåten. Dette var eit sær s viktig infrastrukturanlegg som blei reist til støtte for sildefisket som økonomisk sett har vore eit hovudelement i kommunens historie. (Foto: Hans Foye)*

### 3. *Kanalen i Sunnalsstraumen*

*Denne kanalen blei bygd i 1876 for at fiskarane skulle sleppa å runda det vêrutsette Loden på veg frå Drevsund og Hognalandsbassenget til Karmsundet. Eit stort og for distriktet og si tid viktig og relativt unikt tiltak.*

*(Fotoeigar: Einar Ellingsen)*





**4. Festninga på Loden,  
husmurar, bunkersar, løpegraver m.m.**

*Festninga var eit såkalla sjøfrontbatteri med fire kanonar og eit mannskap på kring 100 som skulle kontrollere både innseglinga til Boknafjorden og Karmsundet.*

*Festninga er godt tilrettelagt for besøkande.  
(Fotoeigar: Trond Nedrebø)*

**5. Bygningen/anlegget i Kro  
(Jakob Larsen +  
Sjøhuset til Olav og Kari).  
Gullhaug: Forretning/landhandel**

*Ein svært velhalden herskapsbustad frå midten av 1800-talet med ein del av sitt gamle miljø som sjøhus og krambu i behald. (Foto: Kyrre Lindanger)*



**6. Gammalt kvernhus inst i Lauplandsvågen + Gammal kjølhalingsrampe, Lauplandsvågen  
+Nausttuft**



*Dette er det einaste opphavlege kvernhuset som er bevart og er no ein del av bygningssamlinga til Haugalandsmuseet. Opphavleg var her også tørkehus for korn og litt nedanfor kjølhalingsrampe for jekter. Tett vest for kjølhalingsrampen er det òg registrert ei skipstuft truleg frå folkevandringstid. (Fotoeigar: Karen Hetland)*





### 7. **Overfallshjul på Ognøy**

*Dette er det einaste overfallshjulet kjent i Bokn og var i drift heilt fram til det blei lagt inn elektrisk straum i 1955. Ovani hjulet var det stem for vatn til hjulet som mellom anna dreiv eit treskeverk på låven. (Foto: Erik Eikje)*

### 8. **Murar etter husmannsplass/handelsstad i Ognahavn**

*Store og tydelege murar etter ein husmannsplass busett på 17- og 1800-talet og der det òg var handel fyrst på 1800-talet. Staden ligg midt i eit utfartsområde. (Foto: Hans Faye)*



Parti fra Bokn



### 9. **Maritimt miljø Alvestadkroken – tilbake til 1600-talet**

*Alvestadkroken er ein unik, liten tettstad med røter tilbake til 1600-talet. Kring 1900 var her to krambuer, bakar, dampskipsekspedisjon, ein jektefører, skomakar, nokre tømmermenn, eit lite fattighus, ein fyrvaktar og attåt eit lite miljø av fiskarar. (Fotoeigar: Marie Dirdal)*





## 10. Jordkjellar Sæbø

Denne jordkjellaren er typisk for sitt slag og ligg i det tidlegare klyngetunet til presteenkesættet Sæbø truleg teikna kring 1712 av Daniel Trosnavåg. (Foto: Hans Faye)



## 11. Våningshus Våga



Eit uvanleg autentisk våningshus frå 1707 i det gamle klyngetunet i Søre Våga. (Fotoeigar: Målfrid Kro Trosnavåg)

## 12. Ungdomshuset på Håland


Det eldste forsamlingshuset i kommunen reist i 1908. Her hadde kommunestyret og formannskapet møta sine fram til 1953, her var det bibliotek, det blei brukt til skule, basarar, juletefestar og møteaktivitet generelt. I dag huser det samlinga til Bokn bygdemuseum og blir drifta av Haugalandsmuseet.

(Fotoeigar: Målfrid Kro Trosnavåg)



### **13. Restar etter signalstasjon/vedevaktbu på Boknafjellet**

*Sidan mellomalderen og ut 1700-tale var det brannvede med vaktbu på toppen av Boknafjellet. Dette er restane etter vaktbua. (Foto: Hans Faye)*



### **14. Murane etter bygningar som blei brende p.g.a. redsel for tuberkulose, Gunnarstad**



*Dette er eit minnesmerke om ei vond tid då den «kvite pest» - tuberkulose - herja. I dette huset døydde i perioden 1909 til 1918 ni av elleve familiemedlemmar av sjukdommen. I 1918 blei bygningen brend ned av redsel for tuberkulose. Sidan var folk engstelege for å nærma seg staden. (Foto: Hans Faye)*

### **15. Bokn kyrkje, slottsarkitekt Linstow – kyrkjegard helt siden middelalder**

*På denne staden har det truleg heilt sidan kring 1100 lege ei kyrkje. Den fyrste var ei tradisjonell stavkyrkje fjerna i 1686. Dette året blei det reist ei tømmerkyrkje som i 1847 blei erstatta av denne reist etter teikningane til slottsarkitekt Hans Ditlev Franciscus von Linstow. (Foto: Anita Are)*



### 16. Røykstova på Laupland

*Dette bygget er reist som årestove truleg sist på 1500-talet og er såleis mellom dei eldste verdslege trebygningane på Haugalandet. På biletet over ligg det på opphavleg stad midt i tunet. Huset er i dag ein del av bygningssamlinga til Haugalandsmuseet.*

*(Foto: Lånt frå Ole Laupland)*



### 17. Kårstova på Laupland

*Kårstova blei truleg reist som bustadhus av Ingebret Ingebretsson Laupland i 1740. Det avløyste truleg røykstova og fungerte sidan som bustad for fire generasjonar på garden til nytt våningshus blei reist i 1848. I bakgrunnen til høgge røykstova.*

*(Foto: Bokn Bygdeblad)*



### 18. Eldhuset i Føresvik

*Bygget blei venteleg reist kring 1841 i samband med at Mons og Cecilie Larsen etablerte seg i Føresvik og sto i samanheng med tristovehuset, stabburet og det gamle, langstrakte forretningsbygget som romma både sjøhus, lager og handel. Ute på Holmen sto det store sildesalteriet og lengre oppe i bakken «Vikaløa» som og høyrde til dette komplekset. I dag er såleis berre eldhuset att av dette bygningskomplekset frå midt på 1800-talet. (Foto: Jardar Havikbotn)*



### **19. Gravrøysa på austsida av Boknasundet**

*På Austre Bokn kring 200 meter nord for Boknasundbrua ligg ei gravrøys 21 meter i tverrmål og fire meter høg. Men haugen var tidlegare ein god del større sidan jaktførarar og andre sjøfarande opp gjennom tidene henta ballasstein frå haugen. Då den gamle vegen blei lagt ovanom Trahaughuset, blei det jamvel henta masse frå haugen.*

*Haugen er ikkje utgraven, men gullspenna frå Nerabø er venteleg frå ei sekundærgrav i haugen. Haugen bli rekna å vera reist i eldre bronsealder. Kring haugen er det òg registrert eldgamle gardfar og ein oval steinsetjing. (Foto: Ørjan Pedersen)*



### **20. Gravfeltet på vestsida av Boknasundet**

*På motsett side der Boknasundet er smalast, på garden Alvestad, låg eit større gravfelt, mellom dei største i Rogaland. Her låg det framleis i 1834 sju rundhaugar, ein trikanta gravhaug og fire langhaugar. Dessutan sto her tri bautastein og fleire steinsetjingar. I dag er berre den største haugen synleg, 7,5 meter høg og 38 meter i tverrmål (her står det i dag eit våningshus), to mindre rundhaugar, to steinsetjingar og ein bautastein.*

*(Fotoeigar: Ingjerd Ellingsen)*



### **21. Folkevandringsanlegget ved Stidlevik**

*Innerst i Stidlevik nord på Austre Bokn på gn. 3, br.nr. 3 ligg restar etter eit gardsanlegg, truleg frå folkevandringstid. Her finn me mellom anna ei tuft etter eit langhus, men noko kutta i nordre enden, ei naust tuft og tett ved ein gravhaug. (Registrering 4779.G6 –R7 og G6 – R112.)*



## 22. Strandtuftene (fjøremannsbuene) i Hognalandsbassenget

I dag er 160 av fjøremannstuftene i Bokn registrerte, noko som representerer den største samlinga av slike tufter i landet. Tuftene ligg i lune vikar og gode hamner for mindre fartøy og låg opphavleg rett ovanfor flomålet, men ligg nå to – tri meter høigare. Det er reist gravrøyser nær tuftene, kanskje i samband med tuftene. Såleis kan det sjå ut til at dei har vore i bruk alt i førkristen tid.

Dei varierer mykje i form og kvalitet. Nokre er ikkje stort meir enn store groper, andre er sirkelrunde steinsetjingar, nokre er kvadratiske og nokre rektangulære. Desse siste har som regel eit eller to rom. Somme tufter ligg einskildvis, andre delar vegg med andre tufter slik at dei minner om bikubar. I tillegg er nokre tufter lagde i hellarar. Tuftene ligg gruppevis frå fire til 28 i kvar. Flatearealet til kvar tuftene er i gjennomsnitt fem – seks kvadratmeter, nokre større, nokre mindre.!

Elles ligg dei side om side og stundom vegg i vegg. Likevel kryssar ikkje veggane kvarandre same kor tett dei ligg. Det kan altså sjå ut til at dei var bygde og vore i bruk om lag på same tid. (Foto: Kyrre Lindanger)



## Temakart kulturmiljø

- I kartverket sitt eigedsregister kan du finne kan du finne opplysninger om SEFRAK- bygningane:

<https://www.kartverket.no/eiendom/eiendomsinformasjon/matrikkelen/>

- Innsynsløysinga Se eiendom er åpen for alle:

<https://seeiendom.kartverket.no>

- Du kan også finne opplysningar om SEFRAK – bygg på nettstaden til Miljøstatus:

<https://miljoatlas.miljodirektoratet.no/MAKartWeb/KlientFull.htm?>


- Link til kart med oversyn over automatisk registrerte kulturminne:

[www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)

[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

- Link til kart med oversyn over kulturminnet sjøhusmiljø Alvestadkroken, som er verna gjennom plan (Planid. 199701):

<http://webhotel3.gisline.no/GisLinePlanarkiv/1145/199701/Dokumenter/AlvestadkrokenBevaringPlankart.pdf>



Illustrasjon: Utsnitt, Sefrak – registeret. Kulturminna ligg tett i tett langs Boknasundet



## Handlingsdel

Handlingsdelen er meint å vera eit realistisk styringsdokument som skal styrkja kulturminnearbeidet i planperioden.

Tiltaksplanen i kulturminneplanen for Bokn kommune, inneheld difor få, men viktige tiltak som det er mogeleg å gjennomføre.

Tiltaksplanen bør evaluerast og reviderast årleg eller minst annakvart år. På denne måten sikrar ein kopling inn mot økonomiplanen og rammer for reell gjennomføring av ynskte tiltak (bevaring av kulturminne – både fysiske og immaterielle).

## Tiltaksplan

Tiltak nr.	Type tiltak	Tidsplan	Økonomi (i 1000)	Ansvar
1	Utarbeide brosjyre om dei prioriterte objekta sin verneverdi, råd om vedlikehald, tilskotsordningar m.m.	2.kvartal 2021	5`	Kulturavd.
2	Etablere byggeskikkpris	4.kvartal 2020	5`	Kulturavd.
3	Etablere ordning med plakett med opplysningar om det einkilde prioriterte objekt	2.kvartal 2021	20`/år inntil komplett	Kulturavd.
4	Lage kortversjon av kulturminneplanen for utsending til alle husstandar i kommunen	4.kvartal 2020	0	Kulturavd./Planavd.
5	Utarbeide byggeskikkrettleiar for Bokn	2.kvartal 2021	?	Planavd./Kulturavd.
6	Vurdere omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel, som tek vare på kulturminne av nasjonal, regional og lokal verdi	2023	0	Planavd.
7	Vurdera tilskotsordning til prioriterte kulturminne i kommunen	4.kvartal 2020	10`/ år inntil komplett	Kulturavd.
8	Komplettere SEFRAK-registeret med kulturminne etter 1900	2. kvartal 2021	10`	Kulturavd.
9	Utarbeide hefte/bok med dei mest betydningsfulle segna og historiane frå Bokn	2022	10`	Kulturavd.
10	Utarbeide hefte om gamle dialektord og uttrykk frå Bokn	2022	10`	Kulturavd.
11	Etablere tverrsektorielt samarbeid, med særleg vekt på samarbeid med skule/barnehage, for ivaretaking av kulturarv	4. kvartal 2020	10`	Kulturavd./Planavd.



## Kjelder og litteratur

Veileder Kulturminner i kommunen Kulturminneplan: Riksantikvaren november 2013


Kulturminneplanar frå andre kommunar (til inspirasjon)

Bokn komme sitt planarkiv

Bokn kommune si heimeside

Regional kulturplan 2015-2025

<https://www.rogfk.no/f/p1/ibce64c04-4eb0-4935-964d-b237a121da69/regional-kulturplan-for-rogaland-2015-2025.pdf>



*Illustrasjon: Ogn steinalder, teiknforklaringar*





## Vedlegg

***Vedlegg 1: Alvestadkroken – område med bevaring. Detaljregulering nr. 199701  
(Sjøhusmiljøet i Alvestadkroken)***


***Vedlegg 2: Historiske kart og oversikter***

***Vedlegg 3: Produkt frå teikne og skrivekonkurranse på Ådnaneset, 2011***




**Vedlegg 1:**

***Alvestadkroken – område med bevaring. Detaljregulering nr. 199701.  
(Sjøhusmiljøet i Alvestadkroken)***



*Vedlegg 2: Historiske kart og oversikter*


*Havnivå 5000 f.Kr.*



*Bokn kring 5.000 f. Kr. då sjøen sto åtte meter høgare enn i dag. Teikning: Jørg Eirik Waula.*




## Havnivåstigning



# Ogn steinalder

- 1) Boplass/tunntad frá eldri steinalder  
*(mesolithic habitation site/artefact locations)*
- 2) Steinsk frá eldri steinalder  
*(mesolithic stone adze)*
- 3) Steinsk frá yngri steinalder  
*(neolithic stone adze)*
- 4) Helli (rock shelter)
- 5) Gravroy (burial cairn)
- 6) Ígrafsdygja gravroy (flax-ated tomb/cairn burial cairn)
- 7) Gardsanlegg (Iron Age farm/Middle Age farm)
- 8) Naustullt (boat house)
- 9) Bautastein (chamber)
- 10) Tuffi, kekgroper, trelollag (house foundation, cooking pits, layer of charcoal)

- |     |      |
|-----|------|
| ● 1 | ▲ 2  |
| ▼ 3 | ◆ 4  |
| ★ 5 | ☆ 6  |
| ■ 7 | ◻ 8  |
| 9   | ⊙ 10 |




Kart henta frá Gjerland, Berit: Arkeologiske undersøkelser 1980



## Godsherrar 1620

*Fordeling av  
jordegodset i Bokn  
i 1620.*



Vedlegg 3: Produkt frå teikne og skrivetkonkurranse på Ådnaneset, 2011

Teikningar, Ådnaneset 30. oktober (sjå s. 4-8)



Martine Jøsang



Karita Jøsang



Frida Jøsang




Frida Jøsang




Amund Askeland Hauge



Hermine Lindanger



Sigurd Johnny Svendsen



Elise Askeland Hauge



*Det var ein gong ein plass som blei kalla Ådnaneset. Her budde det masse driftige folk. Dei dreiv med jordbruk og fiske, og dei var særst opptatt av å finne nye måtar å livnære seg på. Her budde det og ein gut som heitte Erik. Han var etterkommar av ein mann som heiter Kristian Nilsson. Det var ein mann med særskilde evner, og som var meteorolog, astrolog og naturlege. Erik, som var ein ung og moderne gut, hadde arva nokre merkverdige evner etter Kristian Nilsson. Han hadde evne til å forutsjå og overtale folk til å ta avgjerder som alltid var til det beste for folk flest. Folket i Ådnaneset hadde store planar og flust med idear. Men; i 2030 var det nesten uråd å få til noko som helst, då lovar og reglar var så heilt bort i natta at driftige ådnanesingar var begynt å flytta vekk. Mesteparten av innbyggjarane var flytta til Amerika med ideane sine. Situasjonen var blitt så vanskeleg at noko måtte gjerast. Dei samla seg til møte, og på møtet sneik Erik seg inn og satt og hørde på. Han forstod godt kva problema var. Han tok ei modig slutning, og dagen etter reiste han inn til sjølvaste fylkesmannen og banka på døra. Han blei ønska velkommen inn. Han framførte alle problema han hadde høyrte dei vaksne snakka om. Han brukte sine spesielle evner, og forutså og foreslo løysingar for folk på Ådnaneset. Fylkesmannen lytta og var einig, og bestemmelse blei tatt på staden. Han kunne reise heim og visa dei vaksne kva han hadde fått til. Og i dag ser me kva det har ført til. Han hadde hatt Kristian Nilsson i tankane då han foreslo å bygge eit internasjonalt senter for naturmedisin, samt eit meteorologisk institutt. Snipp, snapp snute så var eventyret om Ådnaneset ute.*





Vinnaren av teikne og skrivekonkurransen som blei halden då Bokn kommune og Bokn historielag arrangerte historisk tur til Ådneset 30. oktober er Erik Nilssen, 13 år - med historia om ungguten Erik; etterkomar av Kristian Nilsson.

Juryen melder fylgjande: Historia har ei god oppbygging bygd på eventyrsjangeren, der ein vert presentert for fleire overraskande vendingar.

Reisa til fylkesmannen er eit døme på eit overraskande element i historia.

Det same er tanken om eit meteorologisk senter på Ådneset i 2030 samt dei ørsmå "politiske sparka" vi kan lese mellom linjene.

Som lesar får ein ta del i uventa løysningar.

Historia skil seg frå dei andre historiane og teikningane; då desse er meir forutsigbare frå start til slutt.

Juryen har også vektlagt at forfattaren på ein fin måte koblar fortid til framtid.

Historia er, sjølv om ho er kort, svært innhaldsrik. Om rammene for konkurransen er det å seia: Deltakarane vart inviterte til å utfordra spontaniteten sin og til å få tankane "på papiret" – anten som tekst eller som teikning. Konkurransen vart halden utandørs og deltakarane hadde svært begrensa med tid før innlevering. Vi var alle spente på korleis veret ville påverke konkurransen. No var vi heldige; det var opplett og godt ver. Teikningar og tekst er vurderte på lik line med kvarandre og i same kategori. Når det er sagt: Då det kanskje naturleg nok var flest born som leverte inn teikningar, har juryen bestemt at alle som har levert inn teikning får kvar sin trøystepremie. Juryen gratulerer vinnaren og vi gler oss til å høyra meir frå han? Vinnaren får eit gåvekort på 2.500,- kroner frå Bokn kommune, overlevert av ordførar Kyrre Lindanger. Tiltaket er iverksett på bakgrunn av kommunen si Frisk i friluft - satsing.

Juryen: Kyrre Lindanger, ordførar

June Kro, leiar, "Kjekt på Bokn"

Birger Lindanger, Bokn Historielag

Gro Sørensen, administrasjonen

Jardar Havikbotn, adm. - kultur

Anne E. Askeland, adm. - koordinator Frisk i friluft



*Å leve er en arvings plikt*

**Henrik Ibsen**

---

<sup>i</sup> Havikbotn, Jardar: *"Byrja sildeeventyret for 1000 år sidan?"*, Bokn bygdablad, 12/9 2003, [www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no).

